# MØTEINNKALLING

**Utval:** **Kontrollutvalet i Aurland kommune**
**Møtedato:** **Tirsdag 9. juni 2020 kl 11:00**
**Møtestad:** **Kommunestyresalen**

---

## SAKLISTE

**09/2020 Godkjenning av møteprotokoll 28.04.2020**
**10/2020 Drøftingsaker, skriv og meldingar**
**11/2020 Årsmelding og årsrekneskap Aurland Hamnevesen KF**
**12/2020 Godkjenning av framlegg til risiko og vesentlegheitsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post harald.mo@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 02.06.2020

Frode Bekkestad
Leiar (sign)

Harald Mo
Sekretariat

**Kopi:**
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 9/2020 Godkjenning av møteprotokoll

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Harald Mo | 09.06.2020 | 9/2020 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Møteprotokoll frå møte 28.04.2020 vert godkjent

---

**VEDLEGG**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 28.04.2020 | Sekretariatet for kontrollutvalet | Møteprotokoll frå møte 28.04.2020 |

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 28.04.2020 **Møtetid:** Kl. 11:00-15:00

**Møtestad:** Rådhuset, kommunestyresalen **Saksnr.:** 5/2020 – 8/2020

| **Følgjande medlem møtte** | **Parti** |
|---|---|
| Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar | H |
| Kjell Nordgulen, nestleiar | Ap |
| Erna Underdal Skarsbø | Sp |
| Siri Larsen Ramsøy | Ap |
| Kristoffer Ullern Hansen | MDG |

| **Forfall meldt frå følgjande medl.** | **Parti** | **Følgjande varamedlem møtte** | **Parti** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |

| **Ugilde** | **Sak** | **Følgjande varamedlem møtte** |
|---|---|---|
| | | |

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | Frode Bekkestad |
| **Frå sekretariatet møtte:** | Harald Mo, PwC |
| **Frå administrasjonen møtte:** | Økonomisjef Reidar Johnsen |
| **Frå revisjonen møtte:** | Harald Sylta og Rune Mydland, KPMG |
| **Andre som møtte:** | |
| **Dokument utlevert i møtet:** | |
| **Synfaring:** | |
| **Merknader:** | |

Underskrifter:

_______________ _______________ _______________

_______________ _______________

## SAKLISTE

| Sak nr. | Sakstittel | Ope/lukka |
|---|---|---|
| 5/2020 | Godkjenning av møteprotokoll 11.02.2020 | O |
| 6/2020 | Drøftingsaker, skriv og meldingar | O |
| 7/2020 | Årsmelding og årsrekneskap Aurland kommune 2019 | O |
| 8/2020 | Kjøp av revisjonstenester – vurdering av innkomne tilbud | O |

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

## Sak 5/2020 Godkjenning av møteprotokoll

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 28.04.2020 | 5/2020 |

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 11.02.2020 vert godkjent.

**28.04.2020 KONTROLLUTVALET**

**SAK-5/2020 VEDTAK**

Møteprotokoll frå møte 11.02.2020 vert godkjent.

Samrøystes.

# Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

## Sak 6/2020 Drøftingssaker, skriv og meldingar

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 28.04.2020 | 6/2020 |

**Refererte skriv og meldingar:**

| Vedlegg nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 04.03.2020 | Sogn Avis | Artikkel frå Sogn Avis om helsetunet |
| 2 | 12.02.2020<br>25.02.2020<br>04.03.2020<br>27.03.2020 | Harald Sjursen | Div epostar |
| 3 | 05.03.2020 | Osvald Turlid | Kommunene bør lære av Sivertsen saken |
| 4 | 05.03.2020 | Kommunal Rapport | Kommunene bør lære av Sivertsen saken |
| 5 | 20.04.2020 | Frode Bekkestad og Monica Finden | Etterløn ordførar |
| 6 | 06.02.2020 | Den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen i Sogn | Årsmelding 2019 |
| 7 | 17.02.2020 | Aurland kommune. Rådmannen | Melding om suppleringsval og fritak for politiske verv – Siri Larsen Ramsøy. |
| 8 | 16.02.2020 | Sigrid og Dag Tønnesen | Klage - avslag på kravet om innsyn i FS-vedtak 009/20 |
| 9 | 27.03.2020 | Politisk sekretær | Medlemskontigentkrav frå forum for tilsyn og kontroll |
| 10 | 20.04.2020 | KPMG | Status pågående forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll |

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

**28.04.2020 KONTROLLUTVALET**

**Orienteringar i møtet:**

**Drøftingssaker**

- Saker drøfta i kontrollutvalet:
  - Heis saka på helsetunet jf artikkel som vedlegg 1 til denne saka.
  - Barnevernsak Hege Wangen Aarhus – skal kontrollutvalet be om dokumentinnsyn
  - Etterlønn til ordførar jf. epost frå Osvald Turlid. Reidar Johnsen opplyser at utbetaling av etterløn til ordførar er handsama i tråd med regelverket.
  - Val av styre i Aurland Eige AS.

- Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll – finne nytt tidspunkt for arbeidsmøte.

**SAK-6/2020 VEDTAK:**

Kontrollutvalet viser til artikkel i Sogn Avis om heis på helsetunet. Kontrollutvalet ynskjer å ta denne saka inn i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon med hensyn på måloppnåing og auka kvalitet på tenestene i kommunen.

Kontrollutvalet ber om innsyn i alle dokument i Hege Wangen Aarhus saka.

Kontrollutvalet har fått opplysningar i møte som gjer at alle spørsmål knytt til etterløn til ordførar er opplyst og avklart.

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet sender over informasjon om prosessen med val av nytt styre i Aurland Eige AS til forvaltningsrevisor KPMG, og at denne informasjonen blir teke inn i deira arbeid med eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet vil ta opp Harald Sjursen sine spørsmål om kommunal forvaltning i samband med utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon som skal gjennomførast i 2020 (med referanse til epost 27. mars 2020) og den eigarskapskontrollen som kontrollutvalget har pågåande (med referanse til Harald Sjursen sine innspel vedrørende Aurland kommune og Aurland Ressursutvikling AS i epost datert 25. februar 2020). Vedtaket skal sendast ut til Harald Sjursen.

Ny dato for arbeidsmøte for plan for forvaltingsrevisjon og plan for eigarskapskontroll er fastsett til 14. mai.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

# Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

## Sak 7/2020 Årsrekneskap og årsmelding Aurland kommune 2019

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 28.04.2020 | 7/2020 |

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannsskapet.

**28.04.2020 KONTROLLUTVALET**

Revisor og økonomisjef i Aurland kommune orienterte om revisjonen og rekneskapen.

**SAK-7/2020 VEDTAK:**

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 for Aurland kommune slik den ligg føre. Uttalen blir sendt til kommunestyret, med kopi til formannsskapet.

# Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

## Sak 8/2020 Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune – vurdering av innkomne tilbod

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 28.04.2020 | 8/2020 |

**Framlegg til vedtak:**

Med bakgrunn i ein gjennomgang av alle kriteria er det kontrollutvalet si innstilling at KPMG samla kjem ut som den tilbydaren som er vurdert til å ha gitt det beste tilbodet.

Tilrådinga vert sendt over til kommunestyret for endeleg avgjerd.

**28.04.2020 KONTROLLUTVALET**

**SAK-8/2020 VEDTAK:**

Med bakgrunn i ein gjennomgang av alle kriteria er det kontrollutvalet si innstilling at KPMG samla kjem ut som den tilbydaren som er vurdert til å ha gitt det beste tilbodet.

Tilrådinga vert sendt over til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Samrøystes.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 10/2020 Drøftingssaker, skriv og meldingar

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Harald Mo | 09.06.2020 | 10/2020 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

---

**SAK/VEDLEGG**

| Vedlegg nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | Mai 2020 | Aurland kommune | Tertialrapport 1. tertial 2020 |
| 2 | 29.05.2020 | Unnteke offentlegheit | Unnteke offentlegheit med henvising til forvaltningslova § 13 |
| 3 | 05.03.2020 | Unnteke offentlegheit | Unnteke offentlegheit med henvising til forvaltningslova § 13 |
| 4 | 03.05.2020 | Harald Sjursen | Klage til Sivilombudsmannen |
| 5 | 07.05.2020<br>20.12.2019 | Frode Bekkestad og Jan Eilert Lohne | Etikk i offentleg forvaltning |
| 6 | 23.04.2020<br>30.04.2020 | Vedtak kommunestyret og kontrollutvalet i Årdal kommune | Vedtak om revisjonsprosjekt Sogn Lokalmedisinske senter |
| 7 | 27.05.2020 | KPMG | Status eigarskapskontroll Aurland Eige AS |
| 8 | Juni 2020 | Rådmannen | Status i arbeidet med tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen etter flaumen (dokument blir ettersendt) |

**Orienteringar:**

Orientering ved rådmannen:

- Status etter forvaltningsrevisjon evaluering etter flaumen jf vedtak 10/19
- Tertialrapport 1. tertial 2020

**Drøftingssaker**

- Etikkurs for kontrollutvalet, jf vedlegg 5.

SAK 10 VEDLEGG 1

# AURLAND KOMMUNE
Rådmannen

# Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | |
| | Kommunestyret | |

| Arkivsaknr.: | Arkiv | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 20/455- 20/3838 | K1-210 | Reidar Johnsen 57 63 29 40 | 28.05.2020 |

**Tertialrapport 1. tertial 2020 med budsjettendringar**

**Saka gjeld:**
Prognose for rekneskap 2020 , naudsynte justeringar og statusrapport.

**Tilråding frå rådmannen:**
Tertialrapporten blir tekne til etterretning. Det blir gjort følgjande budsjettendringar som følgje av prognosen.

**Drift:**

| | |
|---|---|
| Reduksjon utbyte | -6.500.000 |
| Reduksjon kraftomsetning | -4.000.000 |
| Reduksjon skatteinntekter | -2.600.000 |
| Redusert inntekt vatn og avløp | - 750.000 |
| Redusert inntekt Torget Flåm | - 650.000 |
| Redusert inntekt barnehage/SFO | - 300.000 |
| Ekstra kostnad Korona | - 820.000 |
| Overført til investering | -1.000.000 |
| **Sum redusert inntekt/auka kostnad** | **-16.620.000** |

| | |
|---|---|
| Auka inntekt rammetilskot | 1.880.000 |
| Auka inntekt renter | 1.100.000 |
| Redusert lønsoppgjer (redusert lønstigning) | 1.200.000 |
| Redusert avsetning av utbyte | 4.000.000 |
| Redusert avsetning til kapitalfond | 2.500.000 |
| Redusert avsetning disposisjonsfond | 2.600.000 |
| Reduksjon netto kostn drift Vangen BH | 800.000 |
| Reduksjon kostnader teknisk | 200.000 |
| Bruk av disposisjonsfond | 2.040.000 |
| **Sum auka inntekt/redusert kostnad** | **16.620.000** |

**Investering:**

| | |
|---|---|
| 20001 Bygningsmessige tiltak PLO | -4.000.000 |

| | |
|---|---|
| 20002 Ny barnehage | -3.000.000 |
| 20003 Turveg Heggviki-Bøen | - 900.000 |
| 20006 Omlegging tilkomstveg A-feltet | -1.600.000 |
| 20009 Tursti Flåm skule – Brekkehagen | -1.400.000 |
| 20010 Infiltrasjonsanlegg Gudvangen | -1.000.000 |
| 20019 Nærmiljøanlegg leikeplassar | -1.000.000 |
| 20021 Ytstebøen bustadfelt | -2.300.000 |
| 20025 Inngangsparti rådhuset | - 300.000 |
| 20027 ENØK – tiltak | -1.000.000 |
| 20030 Uteområde Furuly | - 100.000 |
| 85034 Dagsturhytta | - 135.000 |
| 20031 Ny heis Aurland helsetun | 1.000.000 |
| 90023 Ombygging gamle Vangen skule | 1.000.000 |
| **Sum reduserte kostnader investering** | **16.735.000** |

| | |
|---|---|
| Redusert bruk av lån | -15.735.000 |
| Overført frå drift | - 1.000.000 |
| **Sum finansiering** | **- 16.735.000** |

**Uprenta vedlegg til saka**:

**Vedlegg til saka:**

Vedtakskodeoversikt 01.01-25.05.2020
Tertialrapport 1. tertial 2020



11

# AURLAND KOMMUNE

# Tertialrapport 1. tertial 2020



**Innhald**


| | |
|---|---|
| Side 2 | Innleiing |
| Side 3 | Prognose drift |
| Side 4 | Finanskapital, driftsrekneskap, skatteinngang |
| Side 5 | Balanse |
| Side 6 | Låneportefølgje, fond |
| Side 7 | Investeringsoversikt pr 25.5.2020 |
| Side 8 – 12 | Kommentarar til investeringsbudsjett |
| Side 13 | Ansvar 100 – politiske organ |
| Side 14 - 15 | Ansvar 110 – sentraladministrasjonen |
| Side 16 – 17 | Ansvar 210 – Aurland Barne- og ungdomsskule |
| Side 18 – 19 | Ansvar 220 – Flåm skule |
| Side 20 – 21 | Ansvar 221 – Flåm barnehage |
| Side 22 – 23 | Ansvar 222 – Vangen Barnehage |
| Side 24 – 25 | Ansvar 300 – Helse- og førebyggjing |
| Side 26 | Ansvar 301 – NAV |
| Side 27 | Ansvar 302 – Barnevern |
| Side 28 | Ansvar 310 – Pleie og omsorg |
| Side 29 | Ansvar 311 – Bu- og miljøtenesta |
| Side 30 | Ansvar 500 – Teknisk |

## Innleiing

Kvart tertial rapporterer rådmannen til kommunestyret. I hovudtrekk inneheld rapporten ei skildring av økonomisk status som skal vere grunnlaget for eventuelle justeringar i løpet av drifts- og rekneskapsåret. Det er Aurland kommune sine retningsliner som er førande for rapporteringa med vekt på avvik i resultat og ressursbruk i vedteke årsbudsjett.

## Drift

Første tertial har til ein stor grad vore prega av corona – pandemien. Me har utarbeidd ein eigen oversikt over kva dette kostar Aurland kommune. Framleis er det mange usikre faktorar i denne oversikten, og mykje av rapporten er avhengig av kva som skjer framover.

| **KORONA -NETTO KOSTNADER PR 25.5.2020** | | |
|---|---|---|
| | | **Sum** |
| Redusert skatt på inntekt og formue | - | 2 600 000 |
| Redusert utbyte | - | 6 500 000 |
| Redusert inntekt på vatn og avløp | - | 750 000 |
| Redusert Inntekt utleige av torgplassar | - | 650 000 |
| Reduser inntekt barnehage-SFO | - | 306 000 |
| Korona - ekstra kostnader | - | 817 774 |
| Statleggjering av skatteoppkrevjar prosessutsett | - | 268 000 |
| **Sum tap** | **-** | **11 891 774** |
| | | |
| Kom | | |
| Auka rammeoverføring SFO - barnehage | | 200 000 |
| Koronapandemi rammetilskot | | 1 682 000 |
| Statleggjering av skatteoppkrevjar prosessutsett | | 268 000 |
| Netto renteutgifter | | 1 100 000 |
| Redusert lønsoppgjer | | 1 200 000 |
| **Sum kompensasjon** | | **4 450 000** |
| | | |
| **Netto kostnad** | **-** | **7 441 774** |

## Investering

Vedteke investeringsbudsjett inklusive budsjettendringar er på kr 58.810.000. Det blir føreslege å redusere dette med kr 15.735.000 til kr 43.075.000. Reduksjonen vil kome som redusert lånegjeld. Gjeldsgraden er definert som lånegjeld dividert på sum inntekter. Aurland kommune har vedteke at målområde på gjeldsgrad ikkje skal overstige 70 %.

**Gjeldsgrad**

| Driftsinntekter | Lånegjeld | Gjeldsgrad | |
|---|---|---|---|
| 258,7 | 199,9 | 77,27 % | Innlagt budsjett 2020 |
| 247,9 | 199,3 | 80,40 % | Endra inntekter 2020 |
| 247,9 | 183,8 | 74,14 % | Nytt framlegg investeringar 2020 |

| | Vedteke budsjett 2020 | Prognose | Avvik |
|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | 85 685 000 | 83 000 000 | -2 685 000 |
| Rammetilskot | 41 891 000 | 43 519 000 | 1 628 000 |
| Eigedomsskatt | 49 000 000 | 49 000 000 | - |
| Konsesjonsavgift | 16 200 000 | 16 200 000 | - |
| Flyktningetilskot | 1 452 000 | 2 600 000 | 1 148 000 |
| Andre statlege overføringar | 800 000 | 1 200 000 | 400 000 |
| **SUM FRIE INNTEKTER** | **195 028 000** | **195 519 000** | **491 000** |
| Renteinntekter | 1 000 000 | 500 000 | -500 000 |
| Utbyte | 8 000 000 | 1 500 000 | -6 500 000 |
| Renteutgifter lån | -3 400 000 | -2 400 000 | 1 000 000 |
| **Netto renteutgifter/-inntekter** | **5 600 000** | **-400 000** | **-6 000 000** |
| Mottekne avdrag på lån | 200 000 | 200 000 | - |
| Avdragsutgifter lån | -10 000 000 | -10 000 000 | - |
| **Netto avdragsutgifter** | **-9 800 000** | **-9 800 000** | **-** |
| **NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER** | **-4 200 000** | **-10 200 000** | **-6 000 000** |
| ***TIL FORDELING*** | ***190 828 000*** | ***185 319 000*** | ***-5 509 000*** |
| Til driftsrammer: | | | |
| Politisk leiing | 2 988 000 | 3 360 000 | 372 000 |
| Sentraladministrasjon | 22 129 000 | 21 500 000 | -629 000 |
| Kultur | 4 995 000 | 5 320 000 | 325 000 |
| Aurland barne og ungdomsskule | 18 879 000 | 19 200 000 | 321 000 |
| Flåm barnehage | 4 560 000 | 4 420 000 | -140 000 |
| Vangen barnehage | 7 810 000 | 7 000 000 | -810 000 |
| Flåm skule | 6 046 000 | 6 060 000 | 14 000 |
| Helse og førebyggjande | 15 094 000 | 15 980 000 | 886 000 |
| NAV Aurland | 2 000 000 | 1 800 000 | -200 000 |
| Barnevern | 2 703 000 | 2 700 000 | -3 000 |
| Pleie og omsorg | 37 037 000 | 37 200 000 | 163 000 |
| Bu- og miljøtenester | 21 835 000 | 20 650 000 | -1 185 000 |
| Teknisk | 24 263 000 | 23 400 000 | -863 000 |
| Sal av konsesjonskraft | -10 000 000 | -6 000 000 | 4 000 000 |
| Lønsoppgjer (blir fordelt) | 3 500 000 | 3 500 000 | - |
| ***Sum driftseiningane*** | **163 839 000** | **166 090 000** | **2 251 000** |
| ***Netto driftsresultat*** | **26 989 000** | **19 229 000** | **-7 760 000** |
| Disposisjonar: | | | |
| Avsetning til disposisjonsfondet | -2 637 000 | -2 637 000 | - |
| Avsetning av utbyte | -4 000 000 | - | -4 000 000 |
| Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet | -16 400 000 | -16 400 000 | - |
| Avsetning til flyktningfond | -1 452 000 | -1 452 000 | - |
| Avsetning til kapitalfond | -2 500 000 | - | -2 500 000 |
| Bruk av disposisjonsfondet | | -2 240 000 | 2 240 000 |
| Overføring rammetilskot til investering | | 4 500 000 | -4 500 000 |
| Overføring til investering | - | -1 000 000 | 1 000 000 |
| **Netto disposisjoner** | **-26 989 000** | **-19 229 000** | 7 760 000 |
| | - | - | - |
| ***Balanse*** | **-26 989 000** | **-19 229 000** | **7 760 000** |

## Finanskapitalen

Finanskapitalen viser kommunen sin evne til å forvalte dei økonomiske ressursane på ein slik måte at dei politiske vedtekne måla for den kommunale tenesteytinga og utviklinga av lokalsamfunnet kan verkeleggjerast. Kapitalen blir målt ved årsresultat, storleiken på disposisjonsfond og likviditet. Den langsiktige gjelda (gjeldsgrad er også ein viktig måleindikator.

## Driftsrekneskapen

Kolonne for vedteke budsjett 2020 er kommunestyret sitt opphaveleg vedteke budsjett justert for budsjettendringar som kommunestyret eller formannskapet gjer i løpet av året.

Budsjettoversikt pr 30.4.2020 viser årsbudsjett og forventa forbruk og inntekter (prognose)

## Skatteinngang pr 30.4

**SKATTEINNGANG**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aurland | kommune | | |
| 2020 | årstall | | |
| 2020 | Budsjettert inngang | 85 685 000 | |
| 2019 | Sum inngang | 85 938 173 | |
| | Endring | -253 173 | -0,29 Auke i prosent (budsjett) |

| | Skatteinngang pr.mnd. | Periodisert Budsjett | Avvik | Skatte-inngang akkumulert | | auke i høve til 2019 | %-auke i år i høve til 2019 | % inngang pr. mnd |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2020 | 2020 | | 2020 | 2019 | | | |
| januar | 6 962 903 | 6 856 174 | 106 729 | 6 962 903 | 6 715 238 | 247 665 | 3,69 % | 8 % |
| februar | 16 392 237 | 14 489 768 | 1 902 469 | 23 355 140 | 22 413 722 | 941 418 | 4,20 % | 17 % |
| mars | 7 663 780 | 8 226 732 | -562 952 | 31 018 920 | 30 679 999 | 338 921 | 1,10 % | 10 % |
| april | 16 556 525 | 14 258 641 | 2 297 884 | 47 575 445 | 46 396 105 | 1 179 340 | 2,54 % | 17 % |

Hovudgrunnen til den høge skatteinngangen i april skuldast at det har kome inn naturressursskatt denne månaden. Denne skatten har ikkje direkte med skatteinngang til personlege skattytarar å gjere. Skatteoppgjeret for mai vil gi ein peikepinn på korleis Coronapandemien har slege ut i mars og april.

Me har rekna ein reduksjon i skatteinntekter i høve budsjett på kr 2,6 mill som verknad på Coronaepidemien. Dette vil vere ein høgare prosent enn gjennomsnittet i landet og er eit usikkert tal. Aurland kommune har hatt veldig stor arbeidsløyse på grunn av pandemien og det er difor sannsynleg at me vil ha ein større reduksjon enn landssnittet.

## Finansforvaltning

Aurland kommune har ikkje noko finansiell plassering av midlar bortsett frå ordinære bankinnskot.

Balansesamansetning i rekneskapen pr 30.4.2020:

| **Eigedelar og gjeld** | **Pr30.4.2020** | **Pr30.4.2019** |
|---|---|---|
| | | |
| Faste eigedomar og anlegg | 544 196 564 | 521 732 777 |
| Utstyr, maskiner og køyretøy | 25 749 730 | 27 843 000 |
| Utlån | 16 066 573 | 22 617 781 |
| Aksjar og andeler | 46 633 214 | 45 821 480 |
| Pensjonsmidlar | 323 604 728 | 313 940 529 |
| **Sum anleggsmidlar** | **956 250 809** | **931 955 567** |
| | | |
| Kortsiktige fordringar | 42 313 008 | 42 450 991 |
| Premieavvik | 20 674 685 | 17 881 680 |
| Kasse, bank | 68 549 200 | 35 936 660 |
| **Sum omløpsmidlar** | **131 536 893** | **96 269 331** |
| | | |
| **Sum eigedelar** | **1 087 787 702** | **1 028 224 898** |
| | | |
| **Passiva (gjeld)** | | |
| Pensjonsforpliktingar | 371 697 779 | 359 843 993 |
| Lån (langsiktig) | 202 010 622 | 162 405 522 |
| Kortsiktig gjeld | 46 525 705 | 40 699 284 |
| **Sum gjeld** | **620 234 106** | **562 948 799** |
| | | |
| **Eigenkapital** | **467 553 596** | **465 276 099** |

**Kommentarar til aktiva:**

Årets investeringar på eigedomar og utstyr er ikkje med – blir lagt inn ved årets slutt. Aksjar og eigedelar – Aurland Ressursutvikling står med verdi på kostpris lik kr 20,5 mill og Aurland Energiverk ligg inne med verdi på kr 16,5 mill. Marknadsverdien på desse to postane vil vere langt høgare.

Premieavvik – dette er betalte premiar til KLP og SPK som ikkje er utgiftsførte enno, difor står dei som aktiva i rekneskapen. Summen må kostnadsførast i løpet av dei komande åra.

**Kommentarar til passiva:**

Pensjonsforpliktingar må sjåast i samanheng med pensjonsmidlar på aktivasida. Dette er forpliktingar i samband med framtidige utbetalingar.

## Låneporteføljge Aurland kommune pr 30.4.2020.

| LÅNEPORTEFØLJE AURLAND | | Avdrag pr | Saldo | Renter | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lånenr | 31.12.2019 | 25.05.2020 | 25.05.2020 | 2020 | Låneform | Sats |
| 24519372 KOMMUNALBANKEN II | 17 280 000 | 960 000 | 16 320 000 | 168 000 | Flytande | 1,00 % |
| 24519373 KOMMUNEKREDITT | 6 898 550 | - | 6 898 550 | 68 986 | Flytande | 1,00 % |
| 24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4 | 3 750 000 | 187 500 | 3 562 500 | 36 563 | Flytande | 1,00 % |
| 24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4 | 3 750 000 | 187 500 | 3 562 500 | 36 563 | Flytande | 1,00 % |
| 24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248 | 7 638 750 | 363 750 | 7 275 000 | 74 569 | Flytande | 1,00 % |
| 24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565 | 9 600 000 | 240 000 | 9 360 000 | 237 000 | Bunden rente | 2,50 % |
| 24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505 | 9 633 800 | 218 950 | 9 414 850 | 95 243 | Flytande | 1,00 % |
| 24519386 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 201701414 | 19 786 680 | 353 330 | 19 433 350 | 196 100 | Flytande | 1,00 % |
| 24519387 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170374 | 31 329 570 | - | 31 329 570 | 313 296 | Flytande | 1,00 % |
| 24519388 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20180289 | 31 604 570 | 658 430 | 30 946 140 | 719 333 | Bunden rente | 2,30 % |
| 24519389 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20190318 | 49 170 000 | 983 400 | 49 170 000 | 491 700 | Flytande | 1,00 % |
| TOTALT | 190 441 920 | 4 152 860 | 187 272 460 | 2 437 352 | | |

Det er vedteke bruk av lån til investeringar i 2020 på kr 34.410.000. Ubrukte lånemidlar overført frå 2019 utgjer kr 37.520.000. Det betyr at det ikkje skal vere nødvendig med nye lån i 2020 ut frå vedteke investeringsbudsjett.

## Kommentarar til fond:

**Disposisjonsfondet:**

Pr 31.12.2019 var disposisjonsfondet på 15.954.395. Mindreforbruket i 2019 var på kr 5.098.915. Under føresetnad av at mindreforbruket i 2019 vert avsett til disposisjonsfond vil ein ha eit disposisjonsfond på kr 21.053..310 før bruk og avsetning i 2020.

**Konsesjonsavgiftsfondet:**

Pr 31.12.2019 var dette på kr 11.110.347. Ut frå budsjettert netto bruk av fondet i 2020 vil storleiken på fondet vere redusert til om lag kr 6,6 mill i 2020.

| | Investeringar 2020 | Regnskap | Buds(end) |
|---|---|---|---|
| | | 2020 | 2020 |
| 20001 | Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg | 9 803 | 5 000 000 |
| 20002 | Ny barnehage (2020) | 437 463 | 10 000 000 |
| 20003 | Turveg Heggviki - Bøen (2020) | 283 892 | 2 000 000 |
| 20004 | Oppgradering kommunale bruer | 7 376 | 1 600 000 |
| 20005 | Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen | 1 824 652 | 2 800 000 |
| 20006 | Omlegging av tilkomstveg A - feltet | 98 168 | 1 600 000 |
| 20007 | Opparbeiding av parkering Gudvangen | 8 456 | 500 000 |
| 20008 | Gatelys Kleivi - Steinshølen | 122 350 | 500 000 |
| 20009 | Tursti Flåm skule - Brekkehagen | 4 519 | 1 400 000 |
| 20010 | Infiltrasjonsanlegg Gudvangen | 1 486 634 | 3 600 000 |
| 20011 | Vannbehandlingsanlegg Flåm | 3 264 | 2 500 000 |
| 20012 | Ledningar Ryggjatun - Vangen | 913 529 | 2 400 000 |
| 20013 | Utskifting pumpestasjon A - feltet | 1 081 814 | 1 000 000 |
| 20014 | Omlegging VA Orøyane | 288 550 | 1 000 000 |
| 20015 | Teknisk bygg Gudvangen | 11 571 | 600 000 |
| 20016 | Hovedplan VA | - | 500 000 |
| 20017 | Vatn og avløp Bakka | 4 917 | 300 000 |
| 20018 | Ny inngang trimrommet | 6 916 | 300 000 |
| 20019 | Nærmiljøanlegg leikeplassar | 31 054 | 1 500 000 |
| 20020 | Rassikring Nedre Brekke Flåm | 413 977 | 5 200 000 |
| 20021 | Overtaking Ytstebøen bustadfelt | 10 169 | 2 300 000 |
| 20022 | Rassikring Fiskhammar - veg | 24 390 | 300 000 |
| 20023 | Opparbeiding TY - grunnkjøp | 18 560 | 1 000 000 |
| 20024 | IKT - investerngar (2020) | 431 388 | 800 000 |
| 20025 | Inngangsparti Rådhuset | - | 300 000 |
| 20026 | Adgangskontroll Rådhuset | 17 823 | 100 000 |
| 20027 | ENØK - tiltak (2020) | 7 325 | 1 000 000 |
| 20028 | Breibandutbyggjing (2020) | - | 1 000 000 |
| 20029 | Toalett/kontor Gudvangen | - | 500 000 |
| 20030 | Uteområde Furuly | 8 646 | 250 000 |
| 20031 | UTSKIFTING HEIS AURLAND HELSETUN | 617 351 | - |
| 20099 | KORONA-UTGIFTER | 6 733 | - |
| 85019 | SYMJEHALL (2018) | 100 000 | - |
| 85032 | RASSIKRING NEDRE BREKKE FLÅM (2018) | - | 770 000 |
| 85034 | DAGSTURHYTTE | - | 135 000 |
| 85039 | PARKERING FLÅM KYRKJE | 13 865 | 210 000 |
| 90002 | BYGNINGSMESSIGE TILTAK PLEIE OG OMSORG (2019) | 719 | - |
| 90003 | NY BARNEHAGE (2019) | 11 488 | 450 000 |
| 90004 | TURVEG HEGGVIKI - BØEN (2019) | - | 405 000 |
| 90006 | OPPGRADERING RYAVEGEN OG FLÅMSDALSVEGEN (2019) | - | 410 000 |
| 90009 | OMLEGGING TILKOMSTVEG A-FELTET FLÅM | - | 310 000 |
| 90013 | INFILTRASJONSANLEGG GUDVANGEN | - | 480 000 |
| 90014 | UTSKIFTING PUMPESTASJON A-FELTET | - | 760 000 |
| 90017 | DELOMRÅDE ØVRE TY | 165 765 | - |
| 90019 | AIS - LOKALER MUSIKK OG KULTURSKULEN | 191 250 | - |
| 90021 | OPPARBEIDING AV FRETHEIMSHAUGANE DEL 2 | 518 767 | 1 600 000 |
| 90022 | OPPARBEIDING TY - GRUNNKJØP | 42 750 | - |
| 90030 | TOALETTBYGG GUDVANGEN | 83 755 | - |
| 95021 | FORTAU ORØYNANE | 237 937 | 350 000 |
| 95027 | OMLEGGING VA ORØYANE (2019) | - | 280 000 |
| | EIGENKAPITALTILSKOT KLP | - | 800 000 |
| | | | |
| | TOTALT | 9 547 586 | 58 810 000 |

## Kommentarar til investeringsbudsjettet:

### 20001 Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg

Posten vert redusert til ein mill for 2020. Prosjektet er i gang og det blir arbeidd med prosjektplan(styringsdokument) saman med prosjekteringsansvarleg som er engasjert. Midlane nyttast til oppstart av anbodsprosess for arkitekttenester, detaljprosjektering og planendring.

### 20002 Ny barnehage

Posten er samordna med overførte løyvingar frå 2019. Det er gjennomført arkitektkonkuranse. Førehandskonferanse for byggesaka er gjennomført og det blir gjennomført mindre endring av plan parallelt med byggjesaka. Utarbeiding av anbodsgrunnlag pågår. Framdrift i samsvar med prosjektplan for prosjektet. Det har vore gjennomført forhandlingar om kjøp av grunn, men forhandlingane har ikkje ført fram til semje om vederlag. Partane er samde om at vederlag for grunnen vert avgjort ved avtaleskjønn.

### 20003 Turveg Heggviki – Bøen

Posten er samordna med overførte løyvingar frå 2019. Grunnerverv og forhandlingar med grunneigare pågår. Langs strekninga er det 21 grunneigarar, der nokon av dei eig fleire eigedomar. Det er forventa om lag 25 frådelingar og 50 oppmålingsforretningar i samband med grunnervervet. Sikringstiltak er forprosjektertert og det er dialog med Statens Vegvesen om mogleg samarbeidsprosjekt for tiltaka. Det er henta inn tilbod på detaljprosjektering av turvegen, samt geoteknisk prosjektering. Tildeling av dette oppdaget har medført klage på tildeling frå konkurrent og det pågår avklaring av klage. Milepæler og aktivitetar i samsvar med prosjektplan. Politisk prosjektgruppe følgjer prosjektet som referanse- og fokusgruppe.

### 20004 Oppgradering kommunale bruer

Det pågår arbeid med utarbeiding av totalentreprise for sikring av kommunale bruer.

### 20005 Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen

Posten er samordna med overførte løyvingar frå 2019. Vegarbeid er gjennomført. Det står igjen klargjering for asfaltering. Asfaltering av heile vegstrekninga kan truleg ikkje gjennomførast innanfor budsjettramma. Asfsltering av heile vegstreninga krev ei tilleggsløyving på 600 000, som enten kan takast gjennom handsaming av tertial eller som enkeltsak når tilbod på arbeidet er kome inn. Om tilleggsløyvinga skal takast inn i tertial legg vi til grunn at dette bør kome som politisk initiativ.

### 20006 Omlegging av tilkomstveg A – feltet

I samsvar med vedtak av budsjett for 2019 og budsjett 2020, er det utført detaljprosjekteringsarbeid og anbodsgrunnlag i 2019 og deler av 2020 for omlegging av veg og utskifting av VA som ligg i grunnen. Det er gjennomført førehandskonferanse for byggjesaka og søknad er sendt inn. Det blir tilrådd å utsette tiltaket inntil områderegulering for Flåm sentrum har avklart køyreretning. Overførte løyvingar frå 2019 er samordna og denne løyvinga er tilrådd å ligge for å dekke uteståande fakturaer i prosjektet.

### 20007 Opparbeiding av parkering Gudvangen

Posten skal nyttast til erverv av grunn og bygging av tilkomstveg fram til parkeringareal P1

## 20008 Gatelys Kleivi – Steinshølen

Sluttføring av gatelysarbeid på strekninga

## 20009 Tursti Flåm skule – Brekkehagen

Eigeomstilhøva på delar av strekninga er uavklart og må truleg løysast gjennom jordskifteretten, jf tidlegare notat lagt fram for formannskapet og utval for plan og eigedom.

## 20010 Infiltrasjonsanlegg Gudvangen

Anleggarbeid pågår, i hovudsak opprydding og sluttføring av terrengarbeider. Arbeidet vert sluttført innan 01.07.2020

## 20011 Vannbehandlingsanlegg Gudvangen

Utarbeiding av plan for sikring av brønnområdet under arbeid. I 2019 blei det avdekka risiko for ytre forureining av vasskjelde.

## 20012 Ledningar Ryggjatun – Vangen

Anleggsarbeidet pågår. Arbeidet vert sluttført innan 01.07. 2020

## 20013 Utskifting pumpestasjon A – feltet

Arbeidet er gjennomført.

## 20014 Omlegging VA Orøyande

Kryssing av Flåmsbana pågår

## 20015 Teknisk bygg Gudvangen

Sluttføring av arbeidet pågår. Aurland kommune har overeteke kommunal del av bygget. Forventa overlevering av gjenståande arbeider rundt 01.07.2020

## 20016 Hovudplan VA

Rulleringa av handlingspogrammet til hovudplan. I første del må handlingsprogrammet oppdaterast på utførte tiltak, endringar i Flåm, samt nye behov. Sjølve hovudrulleringa må sjåast i samanheng med rullering av arealplan som vil vera førande for nye behov og investeringar. Posten er difor redusert til å omfatte ei oppdatering av handlingsprogrammet, medan hovudrulleringa vert teken etter kommuneplanen sin arealdel ligg føre.

## 20017 Vatn og avløp Bakka

Vassverket er registrert og godkjent av Mattilsynet. Førebels er storleiken på anlegget slik at det ikkje er krav om lengre prøvepumpingsperiode. Står igjen oppstart av anlegget og godkjenning av vassprøver for anlegget kan takast i bruk. Mellombels slamasvkiljar vert demontert i løpet av sept/okt, etter turistsesongen.

## 20018 Ny inngang trimrommet

Arbeid med utarbeiding av moglege løysingar pågår.

## 20019 Nærmiljøanlegg leikeplassar

Prioritering av tiltak er uavklart. Formannskapet har utsatt saka og må gjere vedtak i høve kva anlegg som skal prioriterast.

## 20020 Rassikring Nedre Brekke Flåm

Detaljprosjektering og anbodsgrunnlag er utarbeidd. Bruksavtale med alle grunneigarar er signert. Byggesøknad er nabovarsla og vert sendt inn. 3D modell av tiltaket er utarbeidd. Framdrift og aktivitetar i samsvar med prosjektplan, det blir førebudd SHA-plan og YM-plan for arbeidet. Byggeleiar er engasjert.

## 20021 Overtaking Ytstebøen bustadfelt

Sluttføring av bustadfeltet er tilrådd å utsette inntil dei to siste bustadtomtene er utbygd for å unngå at eit evt nytt dekke ville blitt øydelagd. Arbeid som står igjen er t.d utskifting av vass og avlaupskummer som er defekt etter utbyggjar, oppgradering av trykkaukestasjon. og klargjering for asfaltering, Det ligg att ei bustadtomt som ikkje er utbygd, mens det føregår grunnarbeid på den neste siste tomta.

## 20022 Rassikring Fiskhammar – veg

Det pågår forhandlingar om framføring/opparbeiding av tilkomstveg til LNF område. Løysinga må og avklarast i høve reguleringsplan for Høydalen

## 20023 Opparbeiding Ty grunnkjøp

Det er gjennomført forhandlingar med grunneigarar som må avstå grunn for realisering av tilkomst i gjeldande plan. Kommunestyret har gjort vedtak om at varsel om oreigning står ved lag, men at det skal sjåast på alternative løysingar for framføring av tilkomstveg på nytt. Det blir tilrådd å skyve på dette prosjektet fram til eventuell avklaring av alternativ tilkomst.

## 20024 IKT – investeringar 2020

Posten vert nytta til IKT investeringar for 2020.

## 20025 Inngangsparti Rådhuset

Tiltaket er gjennomført.

## 20026 Adgagnskontroll rådhuset

Tiltaket er gjennomført.

## 20027 ENØK – tiltak

Inntenting av priser på utskifting av porter i Rutebilstasjon pågår

## 20028 Breibandutbyggjing

Kommunen har fått tilsagn om offentlege midlar til tre områder. Dette er Bjørgo/Turlid, Bakka/Tufto og Li/Kvitt/Vikesland/Otternes. Prosjekta har vore lyst ut på anbod. Kommunen har presentert prosjekta for fire firma. Dette var Telenor, Telia, Årdalsnett og Sognenett. Ved utløp av frist har det komme inn tilbod frå IT firma på to av områda. Dette er Bakka/Tufto og Otternes. Ved utløp av frist

har det komme inn tilbod frå eitt firma på to av områda. Dette er Bakka/Tufto og Li/Kvitt/Vikesland/Otternes. Forhandlingar er sett til 2. juni.

### 20029 Toalett med kontor Gudvangen

Aurland kommune har fått overført heimel for seksjon i nytt Kajakksenter. Tidlegare eigar held på med sluttføring av innreiingsarbeider for teknisk rom, toalettanlegg og nytt kontor for Aurland Hamnevesen

### 20030 Uteområde Furuly

Sluttføring av montasje av leikeanlegg pågår

### 85034 Dagsturhytta

Tiltaket er tilrådd utsett til 2021

### 85039 Parkering Flåm kyrkje

Uavklart situasjon med grunneigar og gjennomføring av avtale. Grunneigar er invitert til drøftinsgmøte 5 juni

### 90021 Opparbeiding av Fretheimshaugane del 2

Anleggsarbeid i ferd med å verte avslutta.

### 95021 Fortau Orøyane

Sluttføring av arbeid pågår. Kryssing av Flåmsbana pågår i desse dagar og dette arbeidet må gjennomførast først før dette prosjektet kan sluttførast.

### 58010 Eigenkapitaltilskot KLP

Eigarandel KLP

### 20031 Ny heis Aurland Helsetun

Ny heis er montert og teken i bruk

### 85032 Rassikring Nedre Brekke

Overført frå 2019

### 90003 Ny barnehage

Overført frå 2019

### 90004 Turveg Heggviki – Bøen

Overført frå 2019

### 90006 Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen

Overført frå 2019

### 90009 Omlegging tilkostveg A-feltet Flåm

Overført frå 2019

**90013** **Infiltrasjonsanlegg Gudvangen**
Overført frå 2019

**90014** **Utskifting pumpestasjon A – feltet**
Overført frå 2019

**95027** **Omlegging VA Orøyane**
Overført frå 2019

# Ansvar 100 Politiske organ

**Kjerneoppgåver:**

- **Ordførar**
- **Møte i folkevalde organ**
- **Val**

Det er gjennomført politiske møte i tråd med møteplan. Det blei lagt fram justert møteplan i kommunestyret i februar. Utover dette har nokre møtedatoar i utvala blitt flytta, og det har blitt gjennomført ekstramøte i plan- og eigedomsutvalet og formannskapet. Grunna koronasituasjonen har ein del av møta blitt gjennomført som fjernmøte.

**Mål/utviklingsområde:**
Vedtakskodeoversikta syner status for dei politisk handsama sakene denne perioden.

**Kort resultatvurdering:**
Det er overskriding på området grunna utbetaling av etterløn og godtgjersle på starten av perioden.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 954.557 | 1.329.678 | |

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 0 | 0 |

# ANSVAR 110 SENTRALADMINISTRASJONEN

**Kjerneoppgåver:**

**Forvaltning og utvikling**
- Næringsutvikling
- Kommunal planlegging
- Byggesakshandsaming
- Vasskraft, vassforvaltning og eigarskapssaker

**Støtte og digitalisering**
- Arkiv
- Sentralbord og resepsjon
- Politisk sekretariat
- Informasjon
- Val
- Løn og personal
- Økonomi og rekneskap
- IKT

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Sentraladministrasjonen har ansvar for intern tenesteyting ved støtte og digitalisering og samfunnsutviklingsoppgåver ved forvaltning og utvikling.

**Viktige hendingar:**
- Skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til staten. Overføringa er utsett frå 01.juni til 01.november. Kommunane har fått kr 250000 over rammetilskotet for å dekke meirutgifter.
- Digitalt besøkssystem (OnVisit) i drift frå 5. februar.
- Korridorane på rådhuset stengd frå 24. februar.
- Rådhuset stengd grunna Korona frå 13. mars. Dei fleste tilsette gjekk over til heimekontor.
- Ny versjon av Acos i drift 2. mars.
- Ny IKT-konsulent starta 20. april
- Politisk sekretær har sagt opp og har sin siste dag i midten av juli.

**Mål/utviklingsområde:**
- Digitalt planregister og matrikkelføring. Dette er lovpålagte oppgåver der det er eit etterslep. Det blir jobba med å komme ajour.
- Arbeid med kommunal planstrategi har starta opp.
- Reguleringsplan for Brødrene Vangen, Kannikteigen og Mjølfjell/Brandseth er vedtekne. Områdeplan for Flåm er under arbeid. Reguleringsplan for Nigarden, Brekke er under arbeid. Det er meldt oppstart av planarbeid for Holmen gruve og deponi.
- Sti og løypeplan er under arbeid. Kommunedelplan for kulturarv er under arbeid.
- Kommunen har søkt om klimasatsmidlar til karbonsprosjekt i samarbeid med Sogn jord- og hagebrukskule, Biokol i samarbeid med Simas og ladepunkt for tenestebilar.
- I første kvartal er det tildelt ca 1 million frå konsesjonsavgiftsfondet.

- Vurdere innhald i ledig stilling opp mot oppgåver som har mangel på ressursar/ikkje vert gjort på avdelinga og sjå om innhaldet i stillinga bør justerast. Utlysing bør skje så fort som mogleg.
- Revidere arkivplan
- Forhandlingar og avtale for utbygging av breiband på Bakka/Tufto og Li/Kvitt/Vikesland/Otternes.

**Kort resultatvurdering:**

- På grunn av Korona har dei fleste tilsette i sentraladministrasjonen jobba frå heimekontor i to månader. Det har vore ei bratt læringskurve og stor omstilling ved å jobbe heime på avdelinga. Tilbakemeldingane frå tilsette er at det har fungert bra. Plattform for videomøte er oppretta og politiske møte er gjennomført på denne. Vi har opprettholdt krava til meiroffentlegheit ved å streame dei politiske videomøta. Frå 15. mai har dei fleste vore tilbake på kontoret. Rådhuset vil vere stengt for publikum fram til 15. august. Dette som eit tiltak for å smittespreiing. Det er utarbeida smittevernreglar for tilsette på rådhuset.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 8032545 | 7508727 | -6,52 |

Prognosen er noko usikker for ansvar 110. Det er rekruttert fast til stilling som næringsrådgjevar og IKT konsulent. Mellombels rekruttering innan byggesak. Lønsutgiftene vil såleis auke noko frå andre tertial. Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til staten er utsett frå juni til november. Dette er kompensert i ramma. Aktivitet knytt til kurs og reise er redusert på grunn av Korona.

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 5,33% | 0,34% |

Sjukefråværet i 2020 er primært knytt til langtidsfråvær.

# Ansvar 210 Aurland barne- og ungdomsskule

**Kjerneoppgåver:**
Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal tilrettelegge for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er *«ABU skal vere ein skule for alle, med blikk for den enkelte.»*

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge, samt vaksne som treng vaksenopplæring eller norskopplæring.
Skulen deltek i prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland» og har utarbeida «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019-2023»

**Viktige hendingar:**
- Innføring av ny læreplan frå august 2020
- Standpunktvurdering for 10.klasse våren 2020
- Gjennomføre og følgje opp kartleggingsprøvar og trivselsundersøkingar våren 2020
- Framleis sterk satsing på norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn
- Følgje årshjulet for «Levande skule - entreprenørskapsplan», eit samarbeid med SJH og Nærøyfjorden Verdsarvpark

**Mål/utviklingsområde:**
- Oppnå gode resultat på faglege og sosiale kartleggingar våren 2020
- Nulltoleranse mot mobbing: førebygge, informere, kartlegge, evt setje inn tiltak
- Følgje opp «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule»
- Vere godt førebudd til å ta i bruk ny læreplan frå august 2020
- Kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning og etterutdanning av tilsette

**Kort resultatvurdering:**
Skuleåret 2019/20: 142 elevar, 36 born på SFO inkl. bussborn. Me har 10 vaksne deltakarar på vaksen-norskopplæring. Me kjøper tenesta norskopplæring frå SJH og Sogndal kommune. Kommunen kjøper PPT-ressurs og logoped frå Sogn PPT. Me sel nokre tenester til andre einingar i kommunen. Auka bruk av spesialundervisning dei siste åra. Me har hatt to lærlingar dette skuleåret, og får ein ny i august 2020. Har hatt fire lærarstudentar og ein praksiselev frå VGS i vår. Høg grad av trivsel blant elevar og tilsette.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 7 591 084 | 7 686 385 | -1,26 |

Økonomien er svært utfordrande for 2020 og åra framover. Behovet for spesialundervisning, tolærarressurs og miljøterapeut er aukande, samstundes som me reduserer på lærarstillingar. Frå august reduserer me med to heile lærarstillingar, noko som er dramatisk. Likevel er me usikre på om desse innsparingane vil vere nok for å klare budsjettkravet for 2020. Frå august 2020 har me minimum 4 elevar som treng kontinuerleg ein-til-ein oppfølging frå vaksen. Skulen sel teneste til pleie og omsorg, men kjøper også tenester frå SJH, musikk- og kulturskulen og Sogndal vaksenopplæring. Lærlingar er ikkje finansiert i budsjettet, dette må tilførast. Det er behov for investeringar i elev-pc'ar og lærar-pc'ar til om lag 400 000 kr for å gi ei forsvarleg opplæring i digitale

ferdigheiter, noko Covis-19 situasjonen har gjort enno tydelegare for oss. Me har mista inntekter og fått auka utgifter som ein konsekvens av Covid-19, dette bidreg til ein enno meir pressa økonomisk situasjon.

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 1,74 | 4,33 |

Me har lågt sjukefråvær. Arbeidsmiljøet på skulen vert karakterisert som godt!

# Ansvar 220 Flåm skule

### Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Vi skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er: «Opp og fram med Flåm», der kvar av bokstavane i orda opp og fram står for sentrale kjerneverdiar ved skulen. (Sjå skulen si heimeside).

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge lokalt og regionalt i region Sogn. Skulen deltek i prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland» og har utarbeidd «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 - 2023».

### Viktige hendingar:

- Stengd skule/heimeskule i perioden 13. mars – 27. april for 1. – 4 steg og til 11. mai for 5. - 7. steg.
- Sagt opp It's Learning frå skuleåret 2020/2021 og innarbeidd bruk av Office 365
- Utarbeidd nye SFO-vedtekter gjeldande frå 1. august 2020
- Innføring av ny læreplan frå august 2020
- Teaterprosjekt – diverre ikkje framført grunna skulestenginga og smittevernrestriksjonane
- Gjennomføra og følgja opp kartleggingsprøvar og trivselsundersøking våren 2020
- Dialogmøte med Levekårsutvalet, Skulemiljøutvalet og Samarbeidsutvalet 9. mars 2020

### Mål/utviklingsområde:

- Halda trykket på tidleg innsats, fagleg og sosialt, og god tilpassa opplæring for alle
- Førebygga, avdekka og handtera mobbing og krenkingar, og fremma trygt og godt skulemiljø ved framleis å halda fokus på måla frå IBOS-planen
- Følgja opp «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule»
- Vidareutvikla gode erfaringar frå heimeskuleperioden – t. d i høve digital kompetanse
- Vera godt førebudd til å ta i bruk ny læreplan frå august 2020
- Kompetanseutvikling ved å gjennomføra UDIR sin kompetansepakke for innføring av ny læreplan og deltaking på fagdagar og i fagnettverk

### Kort resultatvurdering:

Skuleåret 2019/20: 29 elevar, 17 born på SFO. Elevtalet vil auka komande skuleår. Kommunen kjøper PPT-ressurs og logoped frå Sogn PPT. Skulen har til no nytta PPT mest til rådgjeving og systemarbeid. Trivselskartlegginga i vår syner høg trivsel og godt samspel mellom elevane. Det var difor den sosiale tilhøyrigheita elevane sakna mest då skulen var stengd. Elevane fekk god oppfølging fagleg frå lærarane under nedstenginga, med god støtte frå foreldra. Dei eldste elevane takla situasjonen best. Vi gjorde gode erfaringar desse vekene som vi vil bygga vidare på framover. Mellom anna fekk vi prøva ut ulike digitale læringsverktøy, og prøva ut ulike digitale løysingar og utstyr. Ei oppdatering på utstyret vil vera viktig å få på plass. Ny læreplan komande haust vil føra til noko trong for oppgradering og bytte av læreverk og gode digitale læringsressursar. Dette er svært kostnadskrevjande. Skulemiljøutvalet hadde møte 9. mars 2020 og synfaring på skulebygget. Utvalet uttrykte bekymring for at manglande vedlikehald, utsetjing av reparasjonar og feilretting går ut over arbeidsmiljøet til elevane. Vi er difor svært glade for at garderobane ved gymsalen no er nesten ferdig oppussa!

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 2 163 685 | 2 178 192 | - 0,67 |

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 1,02 % | 0,6 % |

Sjukefråværet hjå oss er lågt, sjølv med ein liten auke, og arbeidsmiljøet er prega av høg trivsel. Dei tilsette er svært fleksible og løysingsorienterte, noko som kom godt fram då skulen var stengd og no etter at vi gradvis opna att. «Stå på-vilje» og evne til å ta på seg oppgåver og dele på ansvar pregar personalgruppa på Flåm skule.

# Ansvar 221 - FLÅM BARNEHAGE

## Eining

**Tenesteleiar**
**Marianne Christensen**

**Kjerneoppgåver:**
Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

**Viktige hendingar:**

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge. Arbeidet med tiltakskort forsinka grunna covid-19
- Endra vedtekter, barnehagen er stengt jul/påske .
- Kommunen er innafor med lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass.
- Opprette ny mellombels avdeling, august 2020.
- Kontinuerlig arbeid med ny barnehage 2021.
- Tre barn har fått utsett oppstaret grunna covid-19.
- Hovudopptakt 2020 er ferdig stilt, alle som søkte fekk plass.

**Mål/utviklingsområder:**

- Pedagog/bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.

**Kort resultatvurdering:**

| Aurland 2020 | Kostragruppe 2020 | Landet 2020 |
|---|---|---|
| 40,8 | 39,7 | 41,5 |

Tala viser andel barnehagelærara i prosent av grunnbemanninga pr 16.03.20. Per dags dato har barnehagen oppfylt pedagognorma, men de må jobbast med kontinuerlig grunna høg vekst i barnetal.

**Økonomi/ressurs:**

| Måned | April 2020 | Mai 2020 |
|---|---|---|
| Regnskap | kr 1 451 490 | kr 1 822 718 |
| Budsjett | kr 1 573 705 | kr 1 967 131 |
| Avvik i kr | 122 215 | 144 413 |
| Avvik i % | 7,77% | 7,34% |

Kommentar og evt. tiltak under

- Kontinuerlig oppgradering av leik og pedagogisk material både ute og inne.
- Grunna covid-19 er det teke inn ekstra personale, det er og fast tilsette som har auka opp.
- Det er brukt ekstra ressursar og midlar for å fylgje opp rettleiar for smittevern i barnehagen.
- Fåm barnehage lønnar 120% lærling frå feb-aug, då lærling nr 2 ynskjer å ta fagbrevet i barnehagen.
- Redusert brukar betaling grunna covid-19.

**Medarbeidarar:**

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 4,5 | 3,1 |

- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet.
- Fråværet er stabilt, lågt.
- Vedlikehald av bygning.

# Vangen barnehage

## Eining

**Tenesteleiar**

**Elisabeth Øynebråten**

**Kjerneoppgåver:**

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

**Viktige hendingar:**

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge. Arbeid med tiltakskort forsinka grunna convid-19.
- Endra vedtekter, barnehagen er stengt jul/påske .
- Kommunen er innafor med lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass.
- Opprette ny mellombels avdeling, august 2020.
- Kontinuerlig arbeid med ny barnehage 2021.
- Hovudopptaket 2020 er ferdig stilt, alle som søkte fekk plass,

**Mål/utviklingsområder:**

- Pedagog/bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.

**Kort resultatvurdering:**

| Aurland 2020 | Kostragruppe 2020 | Landet 2020 |
|---|---|---|
| 40,8 | 39,7 | 41,5,8 |

Tala viser andel barnehagelærara i prosent av grunnbemanninga pr 16.03.20. Per dags dato har barnehagen oppfylt pedagognorma, men de må jobbast med kontinuerlig grunna høg vekst i barnetal.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| 2785 470 | 2394 886 | 14,02 |

- Kontinuerlig oppgradering av leik og pedagogisk material både ute og inne.
- Spesial pedagogisk tiltak med ein til ein.
- Auke to stillinga frå 80% - 100% p.g.a stort auke på småbarn.
- Auke i redusert brukar betaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er 2 år.
- Lærling 40%
- Det er brukt ekstra ressursar og midlar for å fylgje opp rettleiar for smittevern i barnehagen.

**Medarbeidarar:**

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 7,6 | 7,8 |

- Fokus på godt arbeidsmiljø.
- Fråværet er stabilt låg.
- Fokus på vedlikehald av bygning/ny barnehagen/ny mellombels avdeling

# Helse og førebygging

**Kjerneoppgåver:**
Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Førebyggjande arbeid, Eininga deltek i satsinga «på tvers» tverrfagleg samarbeid barn og unge.
Tilsett ved eininga har overteke som prosjektleiar for prosjektet.
Eininga deltek i satsingane kring kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

**Covid-19 konsekvensar for eininga.**
Som følgje av nasjonale vedtak 12. mars, vart deler av tenestane ved helse og førebygging stengd, og andre deler av tenesta fekk strenge nasjonale prioriteringar og avgrensingar for arbeidet. Det har vært arbeidd med faglege rettleiiarar og smittevern rutinar for dei einskilde tenestane før tenestane så smått har starta opp att.

Det var i starten særs stor pågang på legekontoret, noko som har normalisert seg etter noko tid.

Mange av dei tilsette ved eininga har fått opplæring i andre arbeidsoppgåver i pleie og omsorg samt bu og miljø tenesta. Dei har også fått endra arbeidsavtaler for å kunne gå inn og arbeide ved desse einingane, dersom dette skulle bli naudsynt.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 5.396.973 | 6.286.656 | 116.48 |

Legekontoret har måtte bytte ut utstyr, instrumentvaskar og sterilisator, då dei ikkje lengre vart godkjende. Innkjøpet var ikkje planlagd, og kosta om lag kr 100.000.

Helse og Førebygging har også kostnadar til personale som vert dekke av fond. Kostnadane ligg som 0 i budsjett, men vert regnskapsførd fortløpande med avrekning ved årsslutt.

Covid-19 konsekvensar ved eininge<u>n</u>.
Konsekvens på årsbasis er ikkje mulig å berekne på noverande tidspunkt.

- Stenging og endring av tenestetilbod har konsekvensar for brukarbetalingar
- Auka bruk av digitale løysingar fører til behov for noko nytt IKT utstyr og lisenskostnadar
- Forlenging av vikarlege avtale
- Smittevernutstyr. Nye rutinar ved fleire tenester kring bruk av smittevernutstyr. Innkjøp av betydeleg meir utstyr enn budsjettert, samt auka pris internasjonalt på slikt utstyr.
- Arbeidskle. Fleire tenester må nytte arbeidskle, dvs innkjøp av klede samt nye rutinar for hyppigare skifte av kle samt nye rutinar for vasking av kleda.

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|

| | |
|---|---|
| **3,64** | **0** |

Sjukefråværet første tertial skuldast i hovudsak langtidssjukefråvær hjå tenesteleiar.

# NAV Aurland

**Kjerneoppgåver:**

Lov som sosial omsorg.
Flyktningtenesta.

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

Individuell plan.
Medverke i ansvarsgruppemøte og koordinerande eining.

**Viktige hendingar:**
Fått ressurspåfyll ved at tilsett er tilbake frå permisjon. Har hatt nytte av prosjektet Springbrettet. Er råka av Korona som andre.

**Mål/utviklingsområde:**
Fleire i arbeid og aktivitet. Auka kontakt med bedriftene i Aurland kommune. Behov for arbeidsplassar til utprøving. Hjelpe bedriftene med arbeidskraft og i rekrutteringsprosess.
Følgje etaten sin vedteken utviklingsplan. Auka brukarkontakt vha. digitalisering og kunnskapsbygging.

**Kort resultatvurdering:**
God kontroll på driftsbudsjettet, og samla forbruk er under budsjett til no i år. Godt samarbeid med fleire bedrifter.

**Ledigheit:**
Pr. 300420 er det om lag 230 permitterte og 94 ordinært ledige. Aurland som reiselivskommune er i ei særstilling grunna Korona-pandemien. Vi vil slite med høge tal lenge, men forventar fortløpande reduksjon.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 616574 | 412527 | + 33,09 |

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 0 | 0 |
| | |

# Aurland og Lærdal barnevern

**Kjerneoppgåver:**
Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette innebærer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar.
Barnevernet deltek i prosjekt «På tvers».

**Viktige hendingar:**

- På grunn av korona krisa har barnevernet hatt mindre høve til å fysisk treffe barn og familiar. Alle tilsette har jobba på heimekontor i ein lengre periode. Dette har gjeve ein bratt læringskurve i høve både alternative møter og korleis me fyljer opp familiar. Det har ikkje vore nokon akutte hendingar i perioden, og tenesta har internt laga gode rutinar for oppfylging og prioritering av saker.
- Det er framleis lite meldingar inn i tenesta, dette må jobbast med.

**Mål/utviklingsområde:**

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er satt litt på vent grunna omstende kring korona, men vil bli tatt fram att no og vere i sving att til hausten.
- Ingen fristbrot
- Utarbeide kompetanseplan for tenesta i løpet av året.

**Kort resultatvurdering:**
Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Dette har tært på leiarressursen inn mot personal og utviklingsarbeid. Når det no har stabilisert seg vil fokus ligg på utviklingsarbeid både fagleg og opp mot personal.
Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 1 672 259 | 1 680 977 | 0,52 |

Tenesta ligg akkurat på budsjett, det må fyljast opp dersom det oppstår hendingar i løpet av året. Foreløpig er det ikkje grunn til å tru at tenesta skal gå over ramma, men dette er for tidleg å konkludere på etter fyrste tertial.

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 4,46 | 23,44 |

Sjukefråveret har gått drastisk ned, per i dag er det ein gradert sjukemelding grunna helseplager. Dette vert fyld opp med oppfylgingsplan og tilrettelegging.

# Pleie og omsorg – ansvar 310 – rapport 1. tertial 2020

**Kjerneoppgåver:**
Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

- *Institusjonstenester:*

Helsehjelp, behandling, rehabilitering, avlasting, langtidsopphald i institusjon

- *Tenester i eigen heim/omsorgsbustad:*

Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringing, tryggheitsalarm/velferdsteknologi

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**
*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, nettverk og andre tenesteytarar, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta.
*Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader

**Viktige hendingar:**
Utbrotet av covid-19 har sett preg på drifta av pleie og omsorgstenestene, både for tilsette og brukarar. Vi har så langt vore heldige og ikkje hatt påviset smitte, men likevel har all planlegging av tiltak mot koronaviruset og beredskapsarbeid vore utfordrande både for drifta og for tilsette og pasientar. Det vart innført besøksforbod på Aurland helsetun den 13.03.20. Pasientane fekk då ikkje ta imot besøk, verken av sine næraste eller andre.

**Mål/utviklingsområde:**

- Arbeid med heiltidskultur og god ressursutnytting av personale, mindre vikarbruk
- Fagutvikling; både eigenlæring og læring/utvikling i fellesskap, meir bruk av teknologiske løysingar i opplæringssamanheng, færre reiser og betre ressursutnytting
- Gjennomføring av prosjekt kvardagsrehabilitering 2020/2021
- Auke kompetanse i bruk av velferdsteknologi/innføring av velferdsteknologi – deltek i nasjonalt program for velferdsteknologi 2020
- Strategi for kompetanseheving og rekruttering, ÅLA prosjekt
- Planlegging av byggeprosjekt for fleire bueiningar med heildøgnstenster. Forprosjektet er avslutta haust 2019. Teknisk eining opprettar ny sak på investering og framdrift av byggeprosjektet vår 2020.

**Kort resultatvurdering:**
Sjølv med ekstra utgifter i samband med korona i mars og april, ligg rekneskapen for 1. tertial kun med eit overforbruk på kr 168 965,-. Utgifter relatert til korona utgjer hittil kr 418 000,- for pleie og omsorg. Dette er i stor grad utgifter knytta til rigging av kohortavdeling og til lønsrelaterte utgifter i samband med auka fråver pga tilsette i karantene. Fråversoversikten syner at det er omlag dobbelt så høgt fråver i 1. tertial i år samanlikna med 1. tertial i 2019.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 13 227 191 | 13 396 155 | -1,28% |

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 10% | 5,2% |

## Bu- og miljøtenesta,

### Tenesteleiar Christine Warholm Naasen

**Kjerneoppgåver:**

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

*Tenester i eigen heim/ bemanna omsorgsbustad:*

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlasting, støttekontakt, omsorgsstønad

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, verje, nettverk og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, koordinerande eining, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

**Viktige hendingar:**

- Avvikling av eit omsorgstiltak ein har kjøpt hjå privat aktør ved utgangen av mars 2020, og etablering av tiltak i eige regi, med oppstart frå 1.04.20.
- Omstilling og tilpassing av drift i høve Covid-19 pandemi og overordna smittevernregler.
- Fekk tildelt tilskot til rusarbeid frå fylkesmannen på tilsaman 660 000kr. Tilskotet er utbetalt i 1 tertial, og verkar postivt inn på rekneskapen.

**Mål/utviklingsområde:**

- Covid-19 pandemien har ført til at planlagte utviklingsprosessar vart sett på vent
- Eininga har gjennomført kompetanseheving i høve smittevern for alle tilsette, endring i tenestetilbodet for brukara i høve smittevernreglement, oppfølging og informasjon til pårørande, utarbeiding av smitteplaner, opplæring av nytt personale, rekruttering av nytt personale for å kunne vere rusta for ein potensiell smittesituasjon

**Kort resultatvurdering:**

Eininga har jobba godt med smittevernreglane, er betre rusta for ein potensiell smittesituasjon.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik i % |
|---|---|---|
| 11 368 990 | 10 197 381 | 1 171 609 |

Rekneskapen syner postitive tal. Noko av dette skuldast tilskotet frå Fylkesmannen på 660 000kr, og insparingar i drifta då brukarbehovet endra seg på kort sikt. Ein har så langt hatt meirkostnader på om lag 70 000kr i samband med Covid-19 pandemi, i høve innleige av personale og innkjøp av smittevernutstyr/ utstyr for å overhalde smittevernreglar.

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 30.04 i fjor |
|---|---|
| 5,33 % | 6,35% |

Statistikken for sjukefråvær syner nedgang i 1.tertial samanlikna med 2019. Det er variasjonar frå avdelingane innad i eininga, tida har vore prega av ein del kortitdssjukefråvær knyta til at personale har vore i karantene.

# Teknisk

**Kjerneoppgåver:**

Gjenomføring av løpande forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling (FDVU) av tenesteeininga sitt ansvarsområde, i tillegg til brann:

- Forvaltningsoppgåvar knyta til tenesteeininga sitt ansvarsområde (t.d veglova, forureiningslova, VA og oppmåling)
- Kommunal eigedomsmasse, eigedomsforvaltning og grunnerverv
- Kommual infrastruktur: Veg;vatn & avløp. Renovasjon, drift av miljøstasjon. Park/grøntanlegg. Brann og kommunal beredskap. Gjennomføring av investeringstiltak og prosjekt

**Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

FDVU av anlegg som inngår i den kommunale tenesteprodusjon. I hovudsak drift av eigedomsmasse knyta til øvrig tenesteprouksjon og gjennomføring av nye tiltak. Eininga fungerar også som beredskapskoordinator.

**Viktige hendingar:**

Driftssituasjon knytt til Covid-19.

**Mål/utviklingsområde:**

Gjennomføre driftsbudsjett for 2020 med ei innsparing på 1,5 mill i høve til tildelt råme. Da inntektene på torg og utleige blir mindre. I tillegg får vi ikkje inntekter på sal av vatn til cruise. Deltaking i førebyggande tiltak og organisering av moglege tiltak knytt til Covid-19. Sikre godt tenestetilbod på kommunale vegar og bygg, samt kommunalt vatn- og avlaupsnett. Gjennomføre investeringsbudsjettet.

**Kort resultatvurdering:**

Rekneskap for dei 4 første måndane for 2020 synar at tenesteeininga har kontroll på driftsutgifter så langt. Og innanfor rammene med dei tiltaka vi har gjort. Cocid-19 situasjon har påverka drifta etter 12. mars.

**Økonomi/ressurs:**

| Budsjett pr. 30.04 | Rekneskap pr. 30.04 | Avvik |
|---|---|---|
| 7 117 326 | 6 407 022 | -710 304 |

Teknisk har ein forbruk i drift pr 30.04 på i underkant av 700 000 av forventa forbruk dei 4 første månadane i 2020. Tenesteeininga vil truleg få svikt i torginnteker på 700 000 som følgje av Covid-19. Husleigeinntekter knyta til næringsbygg/utleigebygg vil endre seg utover i året, med mindre det vert gjeve kompensasjon for dette. Tenesteeininga tek difor høgde for ei innsparing i eiga drift på 1 mill. i høve til driftsbudsjett for 2020. Det er venta auka kostnadar på slutten av året.

**Sjukefråver:**

| Pr. 30.04 i år | Pr. 31.12 i fjor |
|---|---|
| 3,21 % | 5,49 % |

Sjukefråvær i tenesteeininga er lågt, og svært lågt når ein reknar med dei som har vore i karantene. Utfordringa er sjukefråvår knytt til reinhald. Denne arbeidsgruppa har høg belastning i samband med Covid-19 tiltaka. Det vil bli ei utfordring å ha nok ressurser til desse tiltaka om denne situasjonen

# Vedtakskodeoversikt

25.05.2020 16.16.48
Kristian Stråmyr
Periode: 01.01.2020- 25.05.2020

## Vedtak utført - Vedtakskode 10 (4 saker)

| JPID | Tittel | Saksbehandler | Vedtaksdato | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 2020002301 | Budsjett- og ressursprioriteringar som følge av Covid-19 og svikt i kommunen sine kraftinntekter | Steinar Søgaard | 06.04.2020 | |
| 2020000636 | Pålegg om utleige av jordbruksareal - gnr 6 bnr 2 i Aurland kommune - brot på driveplikt - jordlova §8 | Magnhild Aspevik | 17.04.2020 | Utsettingsvedtak |
| 2020000495 | Lokal forskrift om innkrevjing og berekning av farvassavgift 2020 i Aurland Kommune sitt sjøområde | Jon Olav Stedje | 23.05.2020 | |
| 2020003172 | Forskrift om farvassavgift i Aurland kommune - 2020 | Tor Mikkel Tokvam | 23.05.2020 | |

## Vedtak ekspedert - Vedtakskode 20 (9 saker)

| JPID | Tittel | Saksbehandler | Vedtaksdato | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 2020000218 | Grunnerverv for gjennomføring av detaljregulering Ty - oreigningsvedtak | Jan Olav Åsarmoen Møller | 20.05.2020 | Vart sendt ut når protokollen var klar. |
| 2019000333 | Detaljregulering for utbetring av innseglinga til Flåm - 1. gongshandsaming | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | melding om vedtak sendt tiltakshavar |
| 2020002346 | Områdeplan for Mjølfjell - Brandset - vedtak av plan | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | melding om vedtak er sendt ut. klagerett på vedtaket. |
| 2020000757 | Nesbø transport og service - søknad om motorferdsel i utmark - leigekøyringsløyve ved Vatnahalsen, Reinunga, Seltuft og Kleven i | Marianne Nygård | 20.05.2020 | 3 årig løyve 2020, 2021 og 2022 |
| 2020002544 | Holmen gruve og deponi - vurdering av planinitiativ | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 29.04.2020 | Melding om vedtak er sendt til forslagsstiller, Dei kan no jobbe |
| 2019007744 | Fråsegn til besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |
| 2018007089 | Klokkargarden og Kannikteigen - vurdering av planinitiativ for småbåthamn mm | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 29.04.2020 | |

43

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2020000629 | Fråsegn til høyring av frivillig skogvern - Geitanosi naturreservat | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 18.02.2020 | melding om vedtak er sendt Fylkesmannen |
| 2020002463 | Detaljreguleringsplan for Kannikteigen - vedtak av plan | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |

## Vedtak under arbeid - Vedtakskode 30 (4 saker)

| JPID | Tittel | Saksbehandler | Vedtaksdato | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 2020000491 | Prosjekt energi- og miljøsats - konseptutgreiing «Vinterhagen» | Gudny Øyre Flatabø | 25.05.2020 | Mogeleg konsept for "Vinterhagen" er under utvikling. |
| 2020000817 | Sluttbehandling detaljreguleringsplan for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen | Anja Marken | 22.05.2020 | Klagefrist går ut 28.05.20. |
| 2019004216 | Kommunalplanstrategi 2020 - 2023 - oppstart | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |
| 2020002329 | Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon for riving av bustadhus gbnr 9/22 | Anja Marken | 22.05.2020 | Klagebehandling pågår. |

## Vedtak utført - Vedtakskode 40 (60 saker)

| JPID | Tittel | Saksbehandler | Vedtaksdato | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 2019007843 | Klage på vedteke områderegulering for Undredal gbnr.51/18 | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019001332 | Detaljregulering Brekke Nigarden - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |
| 2019007418 | Detaljregulering - Nedre Brekke fastsetting av planprogram | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |
| 2019007768 | Kommuneplanen sin handlingsdel 2020-2023 - offentleg høyring | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |
| 2019009067 | Kommuneplanen sin handlingsdel 2020-2023 - vedtak av plan | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 20.05.2020 | |
| 2018007082 | Områdeplan for Undredal - avklaring for vidare arbeid | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019000332 | Reguleringsplan for ny barnehage i Aurland - utlegging til offentleg ettersyn | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019001297 | Områdereguleringsplan Undredal utlegging til 2.gongs høyring | Anja Marken | 22.05.2020 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2019002776 | Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Aurland kommune | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019004222 | Sluttbehandling av detaljreguleringsplan for Aurland barnehage | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019005986 | Sluttbehandling av områdereguleringsplan for Undredal | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019007527 | Bustadpolitisk handlingsplan - Utlegging til høyring og offentleg ettersyn | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2019008055 | Klage på vedteke områderegulering for Undredal - Granden | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2020002562 | Siver Wangen - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gnr 8 bnr 5, gnr 26 bnr 2 og 4 i Aurland kommune - KLAGE | Magnhild Aspevik | 25.05.2020 | |
| 2020000221 | Sluttbehandling av bustadpolitisk handlingsplan | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2020000519 | Handsaming av søknad om støtte – Aurland Kjøle- og Fruktlager SA | Jon Olav Stedje | 23.05.2020 | |
| 2020002007 | Søknad om forlenging av løyve til ladestasjon med batteripakke i Flåm - The Fjords | Jon Olav Stedje | 23.05.2020 | |
| 2020000667 | Høyring – lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune | Beathe Ekhall Stentvedt | 25.05.2020 | |
| 2020002546 | Endring av vedtekter for SFO i Aurland gjeldande frå 01.08.2020 | Beathe Ekhall Stentvedt | 25.05.2020 | |
| 2019009284 | Linda Veum - Søknad om dispensasjon frå jordlova §8 | Johanne Molland | 25.05.2020 | |
| 2020000969 | Val av styre til Aurland Eige AS 2020-2022 | Kristian Stråmyr | 25.05.2020 | |
| 2020000525 | Kvammadalselvi kraftverk - søknad om konsesjon for leige av fallrettar på gjeldande eigedomar | Magnhild Aspevik | 25.05.2020 | |
| 2020002005 | Val av ekstra medlem til representantskapet i SIMAS IKS 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 29.04.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2020001100 | Utlegging av eigedomsskatt 2020 til offentleg ettersyn | Reidar Johnsen | 25.05.2020 | |
| 2020002793 | Konsesjonsavgiftsfondet - søknader om tilskot og tildelingar april 2020 | Gudny Øyre Flatabø | 25.05.2020 | Brev om tilsagn er sendt ut. |
| 2020002794 | Karbon på rett veg - samarbeidsprosjekt for klimatiltak i jordbruket | Gudny Øyre Flatabø | 25.05.2020 | Prosjektet er starta opp. |
| 2020000946 | Utgreiing av gondolbane-prosjekt | Kristian Stråmyr | 25.05.2020 | Sak vert lagt fram for politisk handsaming i juni. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2019008165 | Reguleringsplan for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen - utlegging til høyring og offentleg ettersyn | Anja Marken | 22.05.2020 | |
| 2020003079 | Uttale til oppropet om å evakuere borna frå Moria-leiren | Kristian Stråmyr | 29.04.2020 | Melding om vedtak sendt, og nettsak på heimesida lagt ut. |
| 2020000368 | Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Aurland kommune | Kristian Stråmyr | 17.02.2020 | Kunngjering sendt til Norsk Lovtidend. |
| 2018000229 | Bustadpolitisk handlingsplan 2018-2028, oppstart og organisering av arbeidet | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 29.04.2020 | |
| 2019007720 | Tilskot til politiske parti 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | |
| 2019007644 | Val av medlem til villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007645 | Val av medlem til villreinnemnda for Hardangervidda 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007665 | Val av representant til Stamvegutvalet 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007668 | Val av medlem til Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap og styret for stiftinga Nærøyfjorden verdsarvpark 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007670 | Val av medlem til verneområdestyre- verneplan for Nærøyfjorden og Hallingskarvet 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007677 | Val av representant for barn og unge i plansaker 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007819 | Val av medlem til Forum Nye Bergensbanen 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007934 | Val av kommunen sin representant til Kyrkjestyret 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019008674 | Suppleringsval til råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019008675 | Val av medlemmar til samarbeidsutval for Aurland barne- og ungdomsskule, Flåm skule og kommunale barnehagar | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019009263 | Val av kommunal representant i oppnemningsutvalet for konfliktrådmeklarar | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019009276 | Val av medlem til Nordfjellarådet 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 08.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2020000518 | Fråsegn - arbeid med forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 29.04.2020 | |
| 2019007928 | Val av valnemnd for Aurland Eige AS | Kristian Stråmyr | 09.01.2020 | Meldt opp som referatsak til FS |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2019007669 | Val av representant til Vassregionutval og vassområdeutval 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 09.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007672 | Val av medlem til representantskapet i SIMAS IKS 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 09.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007986 | Val av skytebaneutval 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 09.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019009011 | Reglement for politiske organ i Aurland kommune | Norunn Haugen | 07.02.2020 | Reglementet kunngjort. Det er eit krav at del 6 i reglementet skal |
| 2020000751 | Oppbudsjettering overførte prosjekt frå 2019 til 2020 | Reidar Johnsen | 13.02.2020 | |
| 2020000647 | Organisering av arbeidet med budsjett og økonomiplan frå 2020 | Norunn Haugen | 25.05.2020 | Vedtaket blir følgt opp. På grunn av corona er arbeidet med |
| 2020000105 | Møtetid for kommunestyret | Kristian Stråmyr | 17.02.2020 | Oppdatert møteplanen på heimesida. |
| 2020000586 | Søknad om fritak frå politisk verv - Siri Larsen Ramsøy | Kristian Stråmyr | 17.02.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2020001876 | Mellombels forbod mot ilandstigning frå passasjerskip i internasjonal fart | Norunn Haugen | 22.03.2020 | Vedtak sendt til Aurland hamnevesen. Saka meldt som |
| 2020001580 | Lån til vidare utlån gjennom Husbanken - startlån | Reidar Johnsen | 23.04.2020 | |
| 2020002242 | Fråsegn til fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget | Ingunn Bårtvedt Skjerdal | 28.04.2020 | Høyringsuttale sendt på e-post 28.04.20 |
| 2020002541 | Nasjonal Transportplan 2022-2033 - innspel frå Aurland kommune | Norunn Haugen | 28.04.2020 | Høyringsuttale sendt. |
| 2020002253 | Framlegg på medlem til styret i Visit Sognefjord AS | Kristian Stråmyr | 28.04.2020 | Vedtaksbrev sendt |
| 2019007642 | Val av representant til Landssamanslutninga av vasskraftkommunar 2019-2023 | Kristian Stråmyr | 09.01.2020 | Vedtaksbrev sendt |

## Fjern frå oppføljingskurv - Vedtakskode 90 (1 saker)

| JPID | Tittel | Saksbehandler | Vedtaksdato | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 2020002245 | Nasjonal transportplan 2022-2033 - innspel til fylkestinget si høyringsfråsegn | Norunn Haugen | 18.05.2020 | |

SAK 10 VEDLEGG 4

**Til Sivilombudsmannen** **5743 Flåm. 3. Mai.2020.**

**Postboks 3 Sentrum**

**0101 Oslo.**

Etter oppfordring av Fylkesmannen i Vestland sender eg korspondanse og vedlegg eg har sendt til denne.

Dette handlar om Aurland kommune sin forvaltning av kommunen der «lokalbefolkningen» ikkje vert teke med på råd, eller i vedtak ikkje vert teke omsyn til, vert trakaserte og utsette fysisk og psypisk problem.

Å klage til Fylkesmannen er ikkje hjelp for oss. Han visar til **kommunane sin sjølvråderett og aviser alle klager. Dei er endelege og kan ikkje ankast på. Dette skjer kvar gong når det vert klaga på komunale avgjerder, og demokratiet vert tilsidesett og ukulturen held fram i Aurland kommune. Dette skjer nok og i andre kommunar.**

På spørsmål frå meg til Fykesmannen i Vestland om Fylkesmannen verkeleg veit korleis Aurland kommune praktiserar demokratiet og forvaltar sjølvråderetten, får eg ikkje svar på det. Difor ber han om at De granskar dette.

Det er ikkje berre «befolkningen» som vert trakaserte men og tilsette i kommunen. Eg visar til vedlagde skriv frå meg til kontrollutvalet i Aurland 21.12. 2017. Det var saker eg tok opp på vegne av, «anonyme», tilsette, grunna otte for om dei gjekk ut med namn, at dei ville verta oppsagde slik som enkelte varslarar har vorte eller trua med. Etter dette brevet skjedde det ikkje noko verken frå dåverande ordførar, administrasjonen eller kontrollutval. Eg har tru på at det nyvalde kontollutvalet ved leiar Frode Bekkestad TLF. 91696061 kan gjera noko her, men det er ikkje enkelt, så dei treng støtte frå Dykk. Eg har sjølv vore i 2 periodar leiar av kontrollutvalet i Aurland, så eg veit kva eg snakkar om. NB! Eg ber dykk om at De ber om utskrift av medarbeidar-undersøknadene av tilsette i Aurland, åra 2015 og 2016. Etter dette er det inga oppfylgjing.

Eg ber om hjelp til utfylling av ein «korrekt klage» av nokon av Dykk. Eg har telefon nr. 92853913. Epost hara-sj@online.no.

Eg sender i dag dette til Dykk då eg skal opererast i ryggen ved Volvat i Bergen i morgo den 4. Mai 2020 og veit ikkje utfallet.

Med ei vonfull helsing

Harald Sjursen

Nedre Brekkevegen 48.

5743 Flåm.

SAK 10 VEDLEGG 5

pwc

Harald Mo (NO) <harald.mo@pwc.com>

# VS: etikk i kommunen

**Frode Bekkestad** <frode.bekkestad@redaoilfield.com> 7. mai 2020 kl. 13:28
Til: "Harald Mo (NO)" <harald.mo@pwc.com>

Hei Harald

Kan du ta en kikk på dette, og hvorvidt vi bør tilby dette for Kontrollutvalget som et kurs? Eller blir det for teoretisk - lite "matnyttig"?
Har du kontakter i Høyanger kommune - opplegget ble gitt for kommunestyret 16 januar 2020...

Mvh
Frode

-----Opprinnelig melding-----
Fra: Eilert Jan Lohne <Eilert.Lohne@uib.no>
Sendt: fredag 20. desember 2019 15.42
Til: frode.bekkestad@redaoilfield.com
Emne: etikk i kommunen

Hei Frode

Viser til hyggelig samtale på Frille. Jeg lovte å sende deg et kursopplegg for "kommuneetikk". "Støttebildene" følger vedlagt- sammen med en introduksjon av undertegnede. Hvis dette har noen interesse for dere, så bare si fra (jeg skal forelese for Høyanger kommune 16 januar)

beste hilsen

Eilert jan

**2 vedlegg**

**Aetikk Lohne,standard.ppt**
539K

**Etikk i offentlig forvaltning.doc**
24K

# Etikk i offentlig forvaltning

Denne dobbelforelesningen tar for seg tre litt ulike tema.

For det første blir det gitt en oversikt over de mest sentrale dokumentene som "regulerer" etikken i offentlig forvaltning. Kjennskap til innholdet i slike dokumenter vil utgjøre et "minimum" for dem som vil orientere seg om etikkens plass i forvaltningen.

**For det andre blir det gitt en oversikt over noen ulike etiske posisjoner/perspektiver, i første rekke *konsekvensetikk* (utilitarisme) og *pliktetikk* (Kantiansk etikk). Oversikten blir illustrert ved hjelp av konkrete eksempler. Ett av disse forsøker å vise at hva som er (moralsk) rett å gjøre, avhenger av det etiske perspektivet man handler ut fra.**

Til slutt blir det en innføring i det vi kan kalle *kommunikasjonsetikk*, med utgangspunkt i Arne Næss' sin "saklighetslære". Dette temaet har relevans både for tillitsforholdet mellom myndighetene og borgerne – og for "kulturen" ("korpsånden") innad i enhver organisasjon. Også her blir det gjort brukt av eksempler.

Eilert Jan Lohne er utdannet både i realfag (adjunkt) og filosofi (dr. philos.) Han har utgitt flere bøker, blant annet *Etikk i lokalpolitikken,* Høyskoleforlaget, 2004 (doktoravhandling) og *Kristendom og Marxisme*, Pax Forlag, 1977 (magisteravhandling). Hans siste bok er *Moralfilosofiske møter,* Forlag1, 2008. Han har også lang erfaring som lokalpolitiker.

SAK 10 VEDLEGG 6

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 035/20 | Formannskapet | 21.04.2020 |
| 022/20 | Kommunestyret | 23.04.2020 |

**Sakshandsamar:** Rigmor Svanberg **Arkiv:** K2-G21 **Arkivsaksnr.** 20/320 - 20/4825

### Ekstraløyving Sogn Lokalmedisinske senter

**Saka gjeld**
Sogn lokalmedisinske senter (LMS) er eit interkommunalt samarbeid mellom Aurland, Årdal og Lærdal der Lærdal er vertskommune. LMS omfattar legevakt kveld, natt og alle helge- og høgtidsdagar, legevakttelefonsentral, kommunale akutte døgnsenger (KAD), felles kommuneoverlege og felles kommunepsykolog. Årdal har fått krav om rest til betaling for 2019 på kroner 354.940.

**Bakgrunn**
På bakgrunn av kravet har representantar frå administrasjonen i dei tre kommunane gjennomført eit telefonmøte for å få ei nærare forklaring på årsaka til meirforbruket.

**Det kom då fram at:**

1. Lønsutgifter til felles kommuneoverlege ikkje var budsjettert med sosiale utgifter mm.
2. Framforhandla ny fastlønsavtale for legar i legevakt ikkje var tatt høgde for i budsjettet (forhandlingane var ikkje avslutta når budsjettet vart vedteke).
3. Inntekter frå legevakt var lågare enn forventa.

Ny fastlønsavtale med legane vart framforhandla desember 2018, dei har frå då fastløn for heile vakta og alle inntekter går til LMS.

**Drøfting**
LMS er vesentleg for å kunne drifte ei forsvarleg legevakt for alle dei tre kommunane, ikkje minst er fleirdelt vakt eit viktig tiltak i arbeidet med å rekruttere og behalde fastlegane.

Det er avtalt at det skal vere faste møte mellom kommuneadministrasjonen og LMS, med eitt før sommaren og to på hausten, der fast tema ma skal vere økonomi og rekneskap. Det er også eit klårt behov for ein gjennomgang og vurdering av bruken av KAD sengene.

**Økonomi**
Budsjett for 2020 er retta opp og tilpassa realitetane, men korona tiltaka har påverka ordinær legevaktsaktivitet, dette vart særleg tydeleg i påskedagane, og det må påreknast ein inntektssvikt også i 2020.

**Folkehelseperspektiv**
Legetenesta er grunnleggande i arbeidet med å fremje helse gjennom å førebygge, avdekke og behandle sjukdom. Å ha tryggleik for at ein har tilgang til lege er vesentleg for alle innbyggarar.

**Behov for klimatilpassing**

Ingen

**Juridisk vurdering**

Ingen

**Pro et contra**
For Årdal er samarbeidet om LMS eit grunnleggande tiltak for å rekruttere og behalde fastlegar, å ha fleirdelt vakt gir ei heilt anna belastning på legane enn om kommunane skulle dekke alle med berre eigne legar.

**Tilråding:**
Meirforbruk LMS 2019 vert dekka inn med overføring av kroner 354.940 frå disposisjonsfondet.

21.04.2020 Formannskapet
Framlegg til vedtak vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

**Fskap-035/20 Vedtak:**

Meirforbruk LMS 2019 vert dekka inn med overføring av kroner 354.940 frå disposisjonsfondet.

23.04.2020 Kommunestyret
Framlegg til ekstra punkt i vedtaket:

Årdal kommunestyre ber kontrollutvalet om å sette i gang arbeid med forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter (LMS), lokalisert til Lærdal sjukehus. I samarbeidet inngår legevakt, legevakttelefonsentral, kommunale akutte døgnplassar (KAD-senger), felles kommuneoverlege og felles kommunepsykolog.
**Kommunen ynskjer ei vurdering av:**

1. Økonomien i samarbeidet, budsjett, rekneskapsrutinar og rapporteringsrutinar.
2. Den økonomiske fordelingsmodellen mellom kommunane – sett i et kost/nytte-perspektiv.
3. Samarbeidsrutinar internt i Sogn LMS og interkommunalt.
4. Samarbeidet med Helse Førde, spesielt knytta til kostnadar.
5. Vurdering av bruken av KAD-sengene – og om desse er i samsvar med målsettinga, samt ei vurdering av utnyttingsgraden av sengene.

Det er ønskeleg at revisjonen vert utført i samarbeid med dei tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland. Alternativt skjer dette kun i regi av kontrollutvalet i Årdal kommune.

Framlegget vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

**KST-022/20 Vedtak:**

1. Meirforbruk LMS 2019 vert dekka inn med overføring av kroner 354.940 frå disposisjonsfondet.

2. Årdal kommunestyre ber kontrollutvalet om å sette i gang arbeid med forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter (LMS), lokalisert til Lærdal sjukehus. I samarbeidet inngår legevakt, legevakttelefonsentral, kommunale akutte døgnplassar (KAD-senger), felles kommuneoverlege og felles kommunepsykolog.

**Kommunen ynskjer ei vurdering av:**

1. Økonomien i samarbeidet, budsjett, rekneskapsrutinar og rapporteringsrutinar.
2. Den økonomiske fordelingsmodellen mellom kommunane – sett i et kost/nytte-perspektiv.
3. Samarbeidsrutinar internt i Sogn LMS og interkommunalt.
4. Samarbeidet med Helse Førde, spesielt knytta til kostnadar.
5. Vurdering av bruken av KAD-sengene – og om desse er i samsvar med målsettinga, samt ei vurdering av utnyttingsgraden av sengene.

Det er ønskeleg at revisjonen vert utført i samarbeid med dei tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland. Alternativt skjer dette kun i regi av kontrollutvalet i Årdal kommune.

**Møtebok kontrollutvalet i Årdal kommune**

**Sak 7/2020 Drøftingssaker, skriv og meldingar**

**SAK-7/2020 VEDTAK (utdrag av vedtak):**

Kontrollutvalet bestiller revisjonsprosjekt frå Vestland Revisjon knytt til Sogn lokalmedisinske senter. Rådmannen vil lage til ein nærmare omtale av opplysningar som ein ynskjer undersøkt og sende dette over til kontrollutvalet. Kontrollutvalet sender opplysningane over til revisor. Revisor vil på grunnlag av dette lage ein prosjektplan som blir lagt fram for kontrollutvalet til godkjenning.

pwc

Harald Mo (NO) <harald.mo@pwc.com>

# FW: Oppdatering - Aurland

1 e-post

**Sandven, Bjørg Rabbe** <Bjorg.Sandven@kpmg.no> 27. mai 2020 kl. 08:40
Til: "Harald Mo (NO)" <harald.mo@pwc.com>
Kopi: "Johannessen, Mathias Wasaznik" <mathias.johannessen@kpmg.no>, "Sylta, Harald" <Harald.Sylta@kpmg.no>

Hei Harald,

Her kjem ei oppdatering på status i høve eigarskapskontrollen av Aurland Eige:

*Revisjonen ligger litt etter skjema med eigarskapskontrollen av Aurland Eige AS. Dette som følge av både koronasituasjonen samt at supplerende dokumentasjon nylig ble mottatt av revisjonen. Vi har nå god fremdrift i prosjektet, har gjennomgått mottatt dokumentasjon og jobber i disse dager med å intervjue sentrale personer i Aurland ressursutvikling, Aurland Eige, kommunen samt representanter blant folkevalgte. Vi regner med å være ferdig med intervjuene innen utgangen av neste uke (uke 23). Vi legger opp til å sirkulere rapportutkast rett før eller rett over sommeren for faktasjekk.*

*Gitt kontrollutvalgets møteplan for 2020 ser vi det som naturlig å sikte på å levere endelig rapport til behandling av kontrollutvalget i deres møte den 15. september. Vi vil ha faktasjekket og endelig rapport klar for kontrollutvalgets behandling i god tid før møtet 15. september.*

Ta gjerne kontakt med meg eller prosjektleiar Mathias (mathias.johannessen@kpmg.no, +4791847443) direkte om du eller utvalget har spørsmål/kommentarar til eigarskapskontrollen!

**Med vennlig hilsen / Best regards**

**Bjørg Rabbe Sandven**

Manager, Advisory

GRC

KPMG AS

Kanalveien 11

Postboks 4 Kristianborg

5822 Bergen

Telefon: +47 99 39 65 83

Sentralbord: +47 04063

bjorg.sandven@kpmg.no

www.kpmg.no

The information contained in this email and any files transmitted with it are confidential and may be legally privileged. It is intended solely for the use of the individual or entity to whom they are addressed (or meant to be addressed to).
If you are not the intended recipient or the person responsible for delivering the email to the intended recipient, be advised that you have received this email in error and that any use, dissemination, forwarding, printing, or copying of this email or any action in reliance upon it is strictly prohibited and may be unlawful.
If you have received this email in error please notify KPMG Norway IT function by telephone at +47 4063 9009 and delete all copies of this e-mail message and any attachments from all computers.
KPMG is neither liable for the proper, complete transmission of the information contained in this communication nor any delay in its receipt.
When addressed to our clients any opinions or advice contained in this email are subject to the terms and conditions expressed in the governing KPMG client engagement letter.
########################################################
This E-mail message has been checked for computer viruses by KPMG.
########################################################

66

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 11/2020 Årsrekneskap og årsmelding Aurland Hamnevesen KF 2019

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Harald Mo | 09.06.2020 | 11/2020 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannsskapet.

---

**VEDLEGG:**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 09.06.2020 | Kontrollutvalet | Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast). |
| 2 | Mai 2020 | Aurland Hamnevesen KF | Årsrekneskap, årsmelding 2019 |
| 3 | 11.05.2020 | KPMG | Revisjonsmelding |

**BAKGRUNN**

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 1, § 3 skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommunen sitt årsrekneskap, og kommunale eller fylkeskommunale føretak sine årsrekneskap blir revidert på ein tryggande måte. Kontrollutvalet skal gje ein uttale til rekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret.

**AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.**

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval
Forskrift om revisjon

67

**SAKSUTGREIING**

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrekneskapen, årsmeldinga frå Hamnevesenet for 2019 og revisjonsmeldinga for 2019.

Aurland Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2019 viser eit resultat/overskot på kr. 5 301 372 mot kr. 2 576 978 i 2018.

Det har vore ein auke i omsetning på 17% frå 2018 til kr. 16,7 mill. Det vart budsjettert med eit driftsresultat på kr. 2,4 mill. og det endelege vart på kr. 5,1 mill. Driftsresultatet var soleis betre enn budsjettert. I 2019 har det vore vekst både i cruisetrafikk og lokaltrafikk.

Overskotet er overført til anna eigenkapital og det er overført midlar frå fond for anløpsavgift til anna eigenkapital. Sekretariatet har ingen merknader til dette.

Med bakgrunn i ovannemde er det laga framlegg til fråsegn frå kontrollutvalet til årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding for Aurland Hamnevesen KF. Utkast til fråsegn ligg ved saka.

Kommunestyret i Aurland kommune

Aurland 9. juni 2020

## Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2019 for Aurland Hamnevesen KF.

Kontrollutvalet har i møte den 9. juni 2020 handsama Aurland Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2019.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga for 2019.

Aurland Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2019 viser eit ordinært resultat på kr 5 301 372 mot kr. 2 576 978 i 2018. Det blir overført kr. 907 847 frå fond for anløpsavgift og totalt 6 209 219 blir overført til anna eigenkapital. Kontrollutvalet har ingen merknadar til dette.

Ut over overnemnde, og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka og revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ikkje merknadar til Aurland hamnevesen KF sitt rekneskap for 2019.

Aurland, 9. juni 2020

Frode Bekkestad
Kontrollutvalsleiar

# Årsregnskap 2019
# AURLAND HAMNEVESEN KF

Resultatregnskap
Balanse
Revisors beretning

Org.nr.: 980 564 355

70

# RESULTATREKNESKAP

AURLAND HAMNEVESEN KF

| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Salsinntekt | 1 | 16 619 953 | 14 216 309 |
| Anna driftsinntekt | | 30 100 | 0 |
| **Sum driftsinntekter** | | **16 650 053** | **14 216 309** |
| Lønskostnad | 4 | 3 439 120 | 2 818 754 |
| Kjøp varer og tenester | | 1 289 720 | 1 234 123 |
| Avskriving | 5 | 1 686 168 | 1 710 700 |
| Annan driftskostnad | 4 | 5 146 009 | 5 934 908 |
| **Sum driftskostnader** | | **11 561 018** | **11 698 485** |
| **Driftsresultat** | | **5 089 035** | **2 517 824** |
| **FINANSPOSTER** | | | |
| Renteinntekt | | 336 213 | 179 152 |
| Rentekostnad | | 123 876 | 119 998 |
| **Ordinært resultat** | | **5 301 372** | **2 576 978** |
| **OVERFØRINGER:** | | | |
| Overført fond for anløpsavgift | 2, 8 | -907 847 | 522 145 |
| Overført til anna eigenkapital | 2 | 6 209 219 | 2 054 834 |
| **SUM OVERFØRINGER** | | **5 301 372** | **2 576 978** |



71

**INVESTERINGER:**

**FINANSIERING:**

# BALANSE

## AURLAND HAMNEVESEN KF

| EIGEDELAR | Note | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDDEL** | | | |
| Fast eigedom og anlegg | 5, 6 | 22 291 029 | 23 783 502 |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, o.l. | 5 | 479 000 | 292 400 |
| **Sum anleggsmiddel** | | 22 770 029 | 24 075 902 |
| **OMLØPSMIDDEL** | | | |
| Varebehaldning | 1 | 93 380 | 93 380 |
| Andre kortsiktige krav | 1 | 342 412 | 978 494 |
| Aksjar | 3 | 10 000 | 30 000 |
| Anleggsbidrag ladestasjoner | 1 | 2 041 144 | 2 520 603 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 28 469 936 | 21 580 753 |
| **Sum omløpsmiddel** | | 30 956 872 | 25 203 230 |
| **Sum eigedelar** | | 53 726 901 | 49 279 132 |

# BALANSE

**AURLAND HAMNEVESEN KF**

| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | **Note** | **2019** | **2018** |
|---|---|---|---|
| **EGENKAPITAL** | | | |
| Annan eigenkapital | 2 | 49 824 060 | 43 614 841 |
| Fond for anløpsavgift | 2, 8 | -1 091 753 | -183 906 |
| **Sum eigenkapital** | | **48 732 307** | **43 430 935** |
| **GJELD** | | | |
| **LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Lån til kredittinstitusjon | 6 | 4 434 214 | 5 407 898 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | | **4 434 214** | **5 407 898** |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 41 286 | 177 369 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 113 679 | 86 086 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 405 416 | 176 844 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **560 380** | **440 299** |
| **Sum gjeld** | | **4 994 594** | **5 848 197** |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | 53 726 901 | 49 279 132 |
| Pant | 6 | 4 434 214 | 5 407 898 |

Styret i AURLAND HAMNEVESEN KF

Olav Ellingsen
styreleiar

Noralv Distad
nestleiar

Marianne Holme
styremedlem

Frode Tofte
styremedlem

Therese Turlid
styremedlem

Jon Olav Stedje
dagleg leiar

Tor Mikkel Tokvam

# Noter til regnskapet for 2019

## Aurland Hamnevesen K/F

**Note 1 Regnskapsprinsipper**

I årsrekneskapet er alle poster verdsatt og periodisert i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

**Driftsinntekter og kostnader**

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader ver teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader vert teke med i same periode som tilhøyrnde inntekter vert inntetksført.

Inntektene er samansett av anløpsavgift og vederlag for hamna sine sal av varer og tenester. Anløpsavgifta skal dekka kommunen sine kostnader ved utøving av offentleg mynde, og i tllegg dekka kosntader for å leggja til rette for sikker og god framkomst i kommunen sitt sjøområde.

Ny hamnelov frå 2010 gir , med unntak av anløpsavgifta, hamnene rettt til fri prissetting av sal av varer og teenster.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendeler og gjeld**

Eigendeler til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendeler er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriteriar lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til askaffelseskost, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig gjeld vert ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffeleskost og verkeleg verdi.Kortsiktig gjeld vert ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

**Varige driftsmidlar**

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa levetid. Avskrivingane er som hovedregel fordelt liniært over antatt økonomisk levetid

**Varelager**

Varelager er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er netto salsverdi på framtidig salstidspunkt

**Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er vurdert til pålydende etter avsetning til forventede tap
Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en indviduell vurdering av de enkelte fordringene
Forskottering av anleggsbidrag til ladestasjoner er ført som langsiktig fordring

75

# Noter til regnskapet for 2019

## Aurland Hamnevesen K/F

**Skatt**

Selskapet er eit kommunalt føretak som ikkje er skattepliktig

**Offentleg støtte**

Selskapet har i året ikkje motteke direkte driftstilskot frå kommune eller stat.

**Note 2 Avsetninger/Bruk av avsetninger**

| | **Anna eigenkapital** | **Fond for anløpsavgift** | **SUM** |
|---|---|---|---|
| Pr. 31.12.18 | 43 614 841 | -183 906 | 43 430 935 |
| Årets resultat | 6 209 219 | -907 847 | 5 301 372 |
| Pr. 31.12.19 | 49 824 060 | -1 091 753 | 48 732 307 |

Med bakgrunn i tilbakemelding frå Kystverket har hamnevesenet i 2018 føreteke gjennomgang av grunnlag for og berekning av anløpsavgifta i perioden 2011 - 2017. Det er for 2018 gjort endringar i kva som er med i grunnlaget. Usikkerheit rundt grunnlag for kva som kan dekkast av anløpsavgift har gjort at hamnestyret har bestemt at anløpsavgift frå 2019 er vesentleg redusert.

**Note 3 Aksjer i datterselskap og andre selskap**

| Namn på selskapet | Aksjekapital til selskapet | Antall | Pålydende | Bokført verdi | Eigarandel |
|---|---|---|---|---|---|
| Cruise Norway AS | 309 000 | 10 | 1000 | 10 000 | 3,23 % |
| Norway Superyacht AS | 0 | | | | |

**Note 4 Ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mv.**

| *Lønnskostnader består av følgende poster :* | **2019** | **2018** |
|---|---|---|
| Lønninger | 3 033 061 | 2 351 692 |
| Arbeidsgiveravgift | 311 490 | 256 861 |
| Andre lønnskostnader | 94 569 | 210 201 |
| Sum lønnskostnader | 3 439 120 | 2 818 754 |
| *Gjennomsnittlig antall ansatte:* | 5 | 3 |

| *Godtgjørelser:* | **Daglig leder** | **Styret** |
|---|---|---|
| Lønn | 697 910 | 25 357 |

Dagleg leiar slutta 01.12.19. Bny dagleg leiar er tilsett frå 1 mars 2020, og i mellomtiden er ass hamnesjef konstituert.
Kostnadsført revisjonshonorar for 2019 utgjør kr 36.400,-

# Noter til regnskapet for 2019

## Aurland Hamnevesen K/F

| Note 5 Varige driftsmidler | Trossebåt | Kaier Anlegg | Serviceanl Gudvangen | Drifts lausøyre | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelsekost 010119 | 584 205 | 42 085 321 | 1 040 000 | 5 990 648 | 49 700 174 |
| Tilgang | 0 | 0 | 78 727 | 339 468 | 418 195 |
| Avgang | 0 | 0 | 0 | 259 900 | 259 900 |
| Statstilskot | 0 | 7 973 000 | 0 | | 7 973 000 |
| Anskaffelsekost 311219 | 584 205 | 34 112 321 | 1 118 727 | 6 070 216 | 41 885 469 |
| Akk.avskrivninger 311219 | 584 205 | 24 474 037 | 884 000 | 1 146 199 | 27 088 441 |
| Balanseført verdi 311219 | 0 | 17 611 284 | 234 727 | 4 924 017 | 22 770 028 |
| | | | | | |
| Årets avskrivninger | 58 500 | 1 341 200 | 52 000 | 234 468 | 1 686 168 |

Trossebåt avskrives liniært over 10 år med kr 58.500,- pr år.
Kaianlegget i Flåm avskrives liniært over 40 år med kr 535.000.- pr år.
Toalett Flåm avskrives linærtr over 10 år - med kr 68.000,-
Parkanlegg i Flåm avskrives liniært over 20 år med kr 21.800,- pr år
Bygg kai Flåm avskrives liniært over 20 år med kr 380.000,- pr år
Inventar bygg kai Flåm avskrives liniært over 10 år med kr 30.000,- pr år
Kai Bakka avskrives liniært over 40 år med kr 12.900,- på år
Serviceanlegg Gudvangen avskrivers liniært over 20 år med kr 52.000,- pr år
Driftslausøyre avskrives liniært over 5 - 10 år. Årets avskriving 56.468,-
Ankringsbøyer avskrives liniært over 30 år med kr 178.000,- pr år
Flytekai Vikji avskrives liniært over 10 år med kr 240.000.-
Flytebrygger Undredal/Gudvangen avskrives liniært over 10 år ned kr 53.500

| Note 6 Pantstillelse | 2018 | 2018 |
|---|---|---|
| Av verksemda si samla gjeld er sikret ved pant | 4 434 214 | 5 407 898 |
| Balanseførde verdier av eigendelar stilt som sikkerheit for denne gjeld er: | | |
| Serviceanlegg Gudvangen | 156 000 | 260 000 |
| Kaianlegg Flåm | 17 611 284 | 20 293 684 |
| Sum | 17 767 284 | 20 553 684 |
| Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsåret sin slutt | 0 | |

# Noter til regnskapet for 2019

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 7 Resultatrekneskap etter kommunelova

| | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 019 | Rekneskap 2 018 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekter | 16 650 053 | 15 327 120 | 14 216 309 |
| **Sum driftsinntekter** | **16 650 053** | **15 327 120** | **14 216 309** |
| | | | |
| Lønn inkl sosiale utgifter | 3 439 120 | 3 661 036 | 2 818 754 |
| Kjøp av varer og tjenester | 1 289 720 | 1 128 800 | 1 234 123 |
| Avskrivninger | 1 686 168 | 1 670 985 | 1 710 700 |
| Tap på fordringer | 335 000 | 0 | 0 |
| Andre driftskostnader | 4 811 009 | 6 477 720 | 5 928 913 |
| Sum driftskostnader | 11 561 017 | 12 938 541 | 11 692 490 |
| | | | |
| **Driftsresultat** | **5 089 036** | **2 388 579** | **2 523 819** |
| Finansposter etter kommunelova | | | |
| Renteinntekter | 336 213 | 150 000 | 179 152 |
| Renteutgifter | 123 876 | 110 000 | 125 993 |
| Avdrag på lån | 973 684 | 973 684 | 973 684 |
| Netto finanskostnader | -761 347 | -933 684 | -920 525 |
| | | | |
| Motpost kalkulatoriske avskrivninger | 1 686 168 | 1 670 985 | 1 710 700 |
| | | | |
| **Oridnært resultat etter kommunelova** | **6 013 857** | **3 125 880** | **3 313 994** |

### Disponering av resultat

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bruk til finansiering i kapitalrekneskapet | 418 195 | 2 750 664 | 0 |
| Indekking av udekka tap | 0 | 0 | 0 |
| Overført til fri eigenkapital | 5 595 662 | 0 | 3 313 994 |
| | | | |
| Sum disponert | 6 013 857 | 2 750 664 | 3 313 994 |

**INVESTERINGSREKNESKAP:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Investeringar: | | | |
| Nyinvesteringer | | 5 000 000 | |
| Ny bil | 339 468 | 0 | 0 |
| Kontorbygg Gudvangen | 78 727 | 0 | 0 |
| Anleggsbidrag ladestasjoner | 0 | 0 | 0 |
| Flytebrygger Undredal/Gudvangen | 0 | 0 | 0 |
| Henger til lenser | 0 | | 0 |
| Sum investeringer | **418 195** | **5 000 000** | **0** |
| | | | |
| Finansiering: | | | |
| Bruk av ubrukte lånemidlar | 0 | 0 | 0 |
| Bidrag frå årets driftsrekneskap | 418 195 | 2 750 664 | 0 |
| Nytt låneopptak | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av fond | 0 | 2 249 336 | 0 |
| | | | |
| Sum finansiert | 418 195 | 5 000 000 | 0 |

## Note 8 - Etterregning av anløpsavgift

| | | |
|---|---|---|
| Avg pl anløpsavgift | | 579 232,34 |
| Avg fri anløpsavgift | | 109 050,85 |
| Sum anløpsavgift | | 688 283,19 |
| Lønn inkl sosiale utg | 15 % | 211 596,61 |
| EDB-utstyr | 25 % | 5 908,47 |
| Telefonutgifter | 50 % | 9 900,12 |
| Breiband | 50 % | 33 107,61 |
| Rekvisita | 50 % | 23 749,41 |
| Porto | 50 % | 0,00 |
| Alm. Kontorutgifter | 50 % | 16 999,35 |
| Forsikring | 50 % | 6 314,00 |
| Andre reiseutgifter | 50 % | 67 065,67 |
| Hamnebåt | 50 % | 5 213,76 |
| EPI | 30 % | 52 500,00 |
| Arbeidstøy | 20 % | 24 184,03 |
| Drift av bil | 50 % | 4 101,00 |
| Konsulenthonorar | 50 % | 47 760,00 |
| Kontingent/fellesutg | 50 % | 19 886,00 |
| Rekneskap/revisjon | 50 % | 108 500,00 |
| Renter lån | | 256 376,59 |
| Avskrivingar | | 702 968,00 |
| Sum kostnader | | 1 596 130,62 |
| Netto Anløpsavgift | | -907 847,43 |

**Akkumulert meir/mindreinntekt anløpsavgift**

| | |
|---|---|
| 2011 | -85 764,62 |
| 2012 | 14 414,00 |
| 2013 | 1 336 576,00 |
| 2014 | -705 779,57 |
| 2015 | -514 485,60 |
| 2016 | -163 517,43 |
| 2017 | -587 493,43 |
| 2018 | 522 144,67 |
| 2019 | -907 847,43 |
| Mindreinntekt | **-1 091 753,41** |

Grunnlag for kapitalkostnad dekka av anløpsavgift:

| | | Andel | | Kalk rente | Finanskostnad |
|---|---|---|---|---|---|
| Trossebåt | 584205 | 100 % | 584205 | 2,20 % | 12 853 |
| Nissan El-bil | 339468 | 100 % | 339468 | 2,20 % | 7 468 |
| Omme EXB Lift | 360819 | 100 % | 360819 | 2,20 % | 7 938 |
| Bygg Flåm | 7739731 | 50 % | 3869865,5 | 2,20 % | 85 137 |
| Toalett Flåm | 648785 | 100 % | 648785 | 2,20 % | 14 273 |
| Kai Bakka | 515322 | 100 % | 515322 | 2,20 % | 11 337 |
| Ankringsbøyer | 5335017 | 100 % | 5335017 | 2,20 % | 117 370 |
| Sum | | | | | 256 377 |

Kalk rente = 3 års statsobligasjoner (okt 17) + margin på eitt prosentpoeng

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Kalkulatoriske avskrivninger** | | **1 686 168** | | **702 968** |
| Avskriving anlegg Flåm | 535 000 | | | |
| Avskriving anlegg Gudvangen | 52 000 | | | |
| Avskriving anlegg Bakka | 12 900 | | | |
| Avskriving toalett Flåm | 68 000 | | | |
| Avskriving båt | 58 500 | | 58 500 | |
| Avskriving flytebrygger Undredal/Gudvangen | 53 500 | | | |
| Avskriving flytebrygge Vikji | 240 000 | | | |
| Avskriving nytt bygg Flåm | 410 000 | | 410 000 | |
| Avskriving Ankringsbøyer | 178 000 | | 178 000 | |
| Avskriving parkanlegg | 21 800 | | | |
| Avskriving lift | 36 000 | | 36 000 | |
| Avskriving bil | 12 468 | | 12 468 | |
| Avskrivning tilhenger | 8 000 | | 8 000 | |

AURLAND
HAMNEVESEN KF
HARBOUR AUTHORITY



# Årsmelding 2019

AURLAND HAMNEVESEN KF, 5745 AURLAND

AURLAND HAMNEVESEN KF
HARBOUR AUTHORITY

# ÅRSMELDING 2019

Aurland hamnevesen KF hadde i 2018 eit driftsresultat på kr 5 089 035 mot kr. 2 517 824 i 2018. Det var budsjettert med eit resultat på kr 2.38 mill. Resultatet er såleis noko høgare enn budsjettert. Samla driftsinntekter vart på kr.  16 650 053 mot kr. 14 216 309 i 2018. Mykje av årsaka til det høge driftsresultatet er at mykje av dei investeringane som blei tatt høgde for i 2019 ikkje blei gjennomført eller er utsett. Då til dømes ny flytekai/kai i Gudvangen og kloakkmottaksannlegg i Flåm.

Cruise hadde ein auke på 7% i forhold til 2018. Det var totalt 277 545 passasjerar som vitja Flåm. Basert på Innovasjon Noreg sine tall for forbruk pr. passasjer nasjonalt (510,-) utgjer dette ei omsetning for regionen på om lag 135 millionar kroner. Me meina og kan delvis dokumentere at talet er mykje høgare for Flåm. Me meiner det ligg på om lag 220 til 250 millionar og at forbruk pr. passasjer ligg minimum på kring 820,- til 900,-
Omsetnad frå cruise gjennom avgifter og vederlag som tilkjem hamnevesenet ligg på om lag 12 millionar. Det vil sei om lag 43,- pr. passasjer.

Når det kjem til lokaltrafikken so har det i alt vore 546 000 passasjerar fordel på kaianlegga i kommunen. Dette inkluderer og fjordsafari. Dette er ei lita auke på om lag 5000 reiser frå 2018. Flåm-Gudvangen og Gudvangen-Flåm er strekninga med desidert høgast tal reisande med totalt litt over 430 000 passasjerar inkludert Fjordsafari.

Årsmeldinga må sjåast i samanheng med budsjett og handlingsplan for 2019.

**For Aurland Hamnevesen KF:**

Jon Olav Stedje

AURLAND HAMNEVESEN KF HARBOUR AUTHORITY

## Cruise:

Det vart gjennomført 158 cruise anløp i Flåm i fjor med totalt 277 545 passasjerar og 110 474 mannskap om bord.

Dette var ei auke frå 2018 med 5 anløp og om lag 20 000 passasjerar. Ei stor auke i skuldersesongane er årsaka til høgare passasjertal, noko som er i tråd med satsinga vår opp mot reiarlaga. Tal på anløp i hovudsesong er stabil, men grunna at nyare skip blir større og tar fleir passasjerar ser ein og ei lita auke på tal passasjerar i hovudsesong. Sesongen vara frå midten av april til midten av oktober.

Nasjonalitetsfordeling topp 5:

Storbritannia – 88 479
Tyskland – 49 997
USA – 32 595
Spania – 18 051
Italia – 15 134

Det reiarlaga som vitja oss flest gonger var MSC med totalt 25 anløp. CMV hadde totalt 19 anløp medan Carnival Corporation med sine reiarlag hadde 38 anløp. Største av dei er P&O med 14 anløp.

I 2019 var det totalt 113 reine anløp til kai, medan 38 låg til anker. Eit av anløpa var berre inne for å sleppa av passasjerar, medan dei resterande 6 låg til kai deler av opphaldet. Det var 8 dagar i Flåm med 3 skip same dag, medan det var 5 dagar utan cruise i juni, 12 i juli og 7 i august (totalt 24). Det vart for 2019 sesongen 39 anløp som blei avbestilt eller gitt alternative dato grunna at ein kom over 5000 passasjerar eller 3 skip same dag.

Fordeling vekedagar:

| | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| **Måndag** | 18 | 23 | 19 | 21 |
| **Tysdag** | 34 | 37 | 30 | 32 |
| **Onsdag** | 38 | 29 | 30 | 42 |
| **Torsdag** | 21 | 22 | 28 | 30 |
| **Fredag** | 17 | 17 | 11 | 19 |
| **Laurdag** | 15 | 10 | 10 | 6 |
| **Søndag** | 15 | 15 | 14 | 12 |
| **Totalt:** | **158** | **153** | **142** | **162** |

Ein ser ut frå dette at tysdagar, onsdagar og torsdagar er dei travlaste dagane. Dette skyldast at dei fleste cruise startar i helgene i nord Europeiske hamner som til dømes Southampton, Dover, København og Hamburg. Ein ser likevel ein tendens til at anløp blir betre spreidd utover veka.

Ein anna tendens som og er verdt å merka seg er at liggetida blir lengre. Om ein jamfører med 2013 til 2015 var liggetida kring 8 til 9 timar, medan den no ligg mellom 10 og 12 timar.

# Lokaltrafikk:

**The Fjords:**

Nærøyfjorden (Flåm-Gudvangen) – 300 935 passasjerar

Sognefjorden (Gudvangen-Kaupanger) – 53532 passasjerar

**Lustrabaatane:**

Nærøyfjorden (Flåm-Gudvangen) – 99 878 passasjerar

**Norled:**

Bergensruta: 54 267 passasjerar. Av desse gjekk 1487 av eller på i Aurland.

**Fjord 1 (Alden):**

Balestrandruta: 821 passasjerar

**Charter:**

**EPOS:**

Nærøyfjorden (Flåm-Gudvangen) – 15 632 passasjerar

**Fjordsafari:**

Totalt – 20 966 passasjerar

The Fjords er den einaste aktøren som driv heilårstrafikk, og ein ser ei auke i reisande og i vinterhalvåret. I det dei reknar som vintercruise hadde dei totalt 63827 reisande. Då fordelt på følgande månader:

| | |
|---|---|
| Januar | 3629 |
| Februar | 4655 |
| Mars | 6984 |
| April | 17207 |
| Oktober | 17752 |
| November | 6196 |
| Desember | 7404 |

## Superyacht:

I alt er det fakturert 41 yachtanløp til Flåm eller Gudvangen i 2019. 13 av desse gjekk til kai i Flåm. Av desse er det verdt å nemne Ulysses, MY Anna, Najiba, Jade 959 og ACE som då er nokon kjente namn i yacht verden.

## Småbåtar:

For bruk av innsida av flytebrygga i Vikji blei det i 2019 fakturert for følgande:

| | |
|---|---|
| Kaivederlag | **14765,-** |
| Yacht | **7790,-** |
| Vatn/straum | **5240,-** |

Det vil sei ein totalsum på **27 795,-**

Betaling for bruk av denne kaien blir krevd inn av Flåm Marina og me fakturerer dei i slutten av sesongen. Då etter innrapportering frå dei.

## Sjøfly:

Scandinavian Skies AS utførte til saman 8 flygingar med totalt 30 passasjerar frå flytebrygga i Aurland.

## Lastebåtar:

Det blei i fjor fakturert 28 anløp av lastebåtar til Flåm og gamle ferjekai i Aurland. Desse betaler kaivederlag, avfallsvederlag, lastevederlag og anløpsavgift.

I Gudvangen vart det fakturert anløpsavgift for 120 båtar.

## Drift:

### Planday:

Vaktlister og lønnsgrunnlag blir no administrert i Planday. Dette er eit verktøy som til ei kvar tid inneheld informasjon om gjeldande vaktlister og som sumerar opp timebruk for dei tilsette som grunnlag for lønsutbetaling. Alle tilsette har då ein app som dei kan logge seg inn på for oversikt, og for dei som ikkje har dette tilgjengeleg blir det skreve ut vaktlister.

Planday blei testa ut i 2019 sesongen, og administrasjonen har fått gode tilbakemeldingar hjå dei tilsette. Me kjem difor til å halde fram å bruke dette

**Parkering:**

Ordninga blir organisert gjennom hamnevesenet som tilsett og held tilsyn med gjennomføringa. Ordninga er finansiert gjennom følgande fordeling *av kostnader:*

*- 25% Aurland kommune*
*- 25 % Flåm AS*
*- 25 % Flåm Utvikling AS*
*- 25 % Aurland hamnevesen KF*

I eit oppsummeringsmøte etter sesongen var alle partar einige om at ordninga har fungert greitt, men med nokre forbetringspotensiale. Då bland anna betre skilting og merking. Bruk av fotballbana var naudsynt for å få dette gjennomført, men diverre vart det ein del negative tilbakemeldingar på dette, som gjer at bruk av bana til parkering i framtida er usikker.

**Prosjekt:**

Det har gjennom 2019 vore arbeida med nokre prosjekt som ikkje er gjennomført eller satt i gong.

- **Forlenging av cruisekai.** Arbeidet er starta opp og det er utført djupdemåling og kartlegging av botnforhold. Marinbiologisk undersøking vil bli utført av Rådgjevande Biologer i juni/juli 2020.
- **Landstraum til cruise.** Det har vore samtalar med fleire aktørar kring etablering av landstraum utan at det i 2019 kom noko konkret ut av dette. Dette arbeidet er tatt med vidare i 2020.
- **Trekaia.** Asplan Viak vann anbodet med å kartleggje tilstanden til trekaia mellom Nygård og Vikji. Arbeidet er starte opp i 2020.
- **Kloakkmottaksanlegg.** Har vore mykje møter og dialog, men det er ikkje komme fram konkrete løysingar.
- **Undredal.** Hamnevesenet har vore i dialog med eigarar av kaia i Undredal for å overta deler av denne. Det er og laga ein tilstandsrapport, men det er ikkje komme noko endeleg ut av dette.

Investeringar/prosjekt som var budsjettert for 2019 som ikkje er starta opp:

- **Flytekai/kai i Gudvangen**
- **Flytebrygge/utvikling av kaiområde Aurland.**

AURLAND HAMNEVESEN KF HARBOUR AUTHORITY

## Miljø:

### EPI:

EPI er eit samarbeid mellom 15 norske hamner samt DNV GL. Gjennom 2019 har Bergen, Stavanger og Trondheim testa ut ordninga, og dette har fungert bra. Med input frå testhamnene har hamnevesenet utvikla sin modell og denne blir implementert i prisregulativet frå 1.januar 2020.

EPI gjer at pris på kaivederlaget blir justert ut frå utslepp til luft ved kai. Skipet rapportera inn til DNV GL, som då gjer ein poengsum frå 0-100. låg poengsum vil då gje høgare pris på kaivederlag, medan høg poengsum gjer ein lågare pris. Korleis dette blir juster blir rekna ut frå følgande modell:

**EPI Score 0-15 = -100% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 16-20 = -50% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 21-30 = 0% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 31-35 = 5% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 36-50 = 15% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 51-70 = 20% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 71-90 = 30% rabatt på kaivederlag**
**EPI Score 91-100 = 50% rabatt på kaivederlag**

Denne innrapporteringa gjer oss og oversikt over skipet sitt eksakte utslepp til luft medan det ligg til kai.

### Luftmåling:

Luftmålingane som kom på plass i juli 2019 ligg no og tilgjengeleg for allmenta på hamnevesenet sine heimesider. I 2019 var det i underkant av 20 dagar med moderat luftkvalitet i Flåm. Om lag halvparten av desse var dagar utan cruiseskip.

## Personale:

Det var i alt 20 tilsette i hamnevesenet i 2019. To fulltid (administrasjon) og 18 sesongmedarbeidar. Dette då fordelt over administrasjon, vedlikehald/drift, parkering og gjennomføring av anløp. Det var totalt 3 kvinner og 17 menn. Aldersfordelinga er spreidd mellom 16 og 80 år.

Assisterande hamnesjef hadde i 2019 15 veker farskapspermisjon. Hamnesjef Jostein Lange Bergset sa opp stillinga si i august og hadde sin siste arbeidsdag 30.november. Assisterande hamnesjef fungerte som konstituert hamnesjef fram til ny hamnesjef var på plass 1.mars 2020.

## H.M.T:

Tilsette i hamnevesenet har ikkje vert utsett for yrkesrelaterte skader eller uhell i løpet av 2019.Det er registrert ei uynskt hending i 2019 utan personskadar. Denne er knytt opp mot fortøying.

Dei tilsette har arbeidsinstruks og risikoanalyse. Desse er gått gjennom og signert av arbeidstakar.

Dei tilsette deltok før sesongoppstart i kurs i ISPS samt kurs i grunnleggjande fyrstehjelp og bruk av hjartestartar.

## Varsel om kritikkverdige forhold:

Det er ikkje komme varsel om kritikkverdige forhold innad i organisasjonen.

## Likestilling:

I hamnestyret er fordelinga mellom kvinner og menn to til tre. Hamnestyret har hatt ni (9) styremøte. Det høge talet kjem grunna at styret blei endra grunna nytt kommune og fylkesting val og tilsetjing av ny hamnesjef. Med førre hamnestyret vart det utført 7 styremøte, medan det har vore 2 styremøte for det nye styret.

## Rekneskap og revisjon:

Aurland Rekneskapskontor AS fakturerar, betalar rekningar og fører rekneskapet for hamnevesenet.

KPMG as har stått for revisjon .

Flåm 06.05.2020:

Olav J. Ellingsen

styreleiar

Noralv Distad

nestleiar

Marianne Holme

Therese Turlid

Frode Tufte

Tor Mikkel Tokvam

dagleg leiar

KPMG AS
Postboks 4 Kristianborg
Kanalveien 11
N-5822 Bergen

Telephone +47 04063
Fax +47 55 32 71 20
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Aurland

# Melding frå uavhengig revisor

## Uttale om revisjonen av særrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert særrekneskapen for Aurland Hamnevesen KF som viser eit overskot på kr 5 301 372. Særrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til særrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Vi meiner at særrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Aurland Hamnevesen KF per 31. desember 2019 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen. Vi er uavhengige av hamnevesenet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje særrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av særrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av særrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og særrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særregnskapet

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i kommuneloven, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at særrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke

Penneo Dokumentnøkkel: S1SX4-CYY74-7QFM6-4I7JE-4ENPZ-EFM0E



90

vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på særrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i særrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.

- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om særrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med leiinga mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om budsjett
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmar med regulert budsjett.

### Konklusjon om årsmeldinga
Basert på revisjonen vår av særrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistent med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon
Basert på revisjonen vår av særrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen 11. mai 2020
KPMG AS

Harald Sylta
*Statsautorisert revisor*

Penneo Dokumentnøkkel: S1SX4-CYY74-7QFM6-4I7JE-4ENPZ-EFM0E

PENN3O

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".*
*De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**Harald Sylta**
**Statsautorisert revisor**
På vegne av: KPMG AS
*Serienummer: 9578-5993-4-1738956*
*IP: 80.232.xxx.xxx*
*2020-05-11 19:42:35Z*

bank ID

Penneo *Dokumentnøkkel:* S15X4-CY174-7OFM6-4I7JE-4ENPZ-EFM0E

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Sak 12/2020 Godkjenning av framlegg til risiko og vesentlegheitsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2019-2023

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Harald Mo | 09.06.2020 | 12/2020 |

### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

"Kommunestyret i Aurland vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Aurland kommune 2019-2023."

---

### VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 09.06.2020 | Sekretariatet | Utkast – risiko og vesentlegheitsvurdering |
| 2 | 09.06.2020 | Sekretariatet | Utkast – plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll |

**Bakgrunn:**
Kontrollutvalet har gjennom møte i mai henta inn grunnlagsinformasjon for ei ny risiko og vesentlegheitsvurdering. Basert på dei innspela som er komne frå ordførar, politiske gruppeleiarar, tillitsvalde og administrasjon er det laga eit utkast til risiko og vesentlegheitsvurdering. På bakgrunn av denne vart det laga til eit utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

I dette møtet skal kontrollutvalet gå gjennom utkasta, innarbeide endringar og fastsetje endelege dokument. Etter møtet skal dokumenta sendast over til kommunestyret for endeleg handsaming.

Har kontrollutvalet behov for å nytte meir tid arbeidet med ferdigstilling av dokumenta, så må prosessen vidare fastsetjast.

# Risiko og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse)

AURLAND KOMMUNE 2019-2023

DATO 2020

## 1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-2 ligg det til kontrollutvalet sitt ansvar og mynde mellom anna å sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap kommunen har eigarskapsinteresser i, samt at det førast kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-3 fastset at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan som viser på kva for område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Føremålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Tilsvarande slår kommunelova § 23-4 fast at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. I likskap med plan for forvaltningsrevisjon skal plan for eigarskapkontroll baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarskap, i den hensikt å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Denne risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse) er utarbeidd som ledd i kontrollutvalet i Aurland sitt arbeid med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for valperioden 2019-2023.

## 2. FRAMGANGSMÅTE OG INVOLVERING

Denne analysen har vore gjennomført etter følgjande hovudsteg:

1. Tinging og innspel frå kontrollutvalet
2. Gjennomgang av tidlegare overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2015-2019.
3. Gjennomgang av anna relevant dokumentasjon, herunder:
    a. Årsrekneskap og årsmelding for 2019
    b. Kommunebarometeret for 2019
    c. KOSTRA-statistikk
    d. Gjennomførte tilsyn frå Fylkesmannen i førre planperiode
    e. Rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar i førre planperiode
4. Arbeidsmøtedag der kontrollutvalet gjennomførte samtaler med/ intervjua ordførar, rådmann, politiske gruppeleiarar, tillitsvald og utvalde tenesteeiningsleiarar
5. Oppsummering i kontrollutvalet og fornya analyse
6. Handsaming av risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kontrollutvalet

95

Føremålet med arbeidet har vore å identifisere område og verksemder som ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Resultatet av prosessen, og kva område kontrollutvalet har definert som prioriterte område, vil bli presentert nedanfor. Først følgjer eit oversyn over teoretisk fundament og vesentlege omsyn som har vore nytta i risiko- og vesentlegheitsvurderingane.

## 3. TEORETISK FUNDAMENT OG VESENTLEGE OMSYN

Det er nytta ein eigen modell for korleis ein skal kunne identifisere dei mest relevante områda for revisjon. Teoretisk er modellen forankra i statsvitskap, organisasjonsteori og COSO ERM[1] og tek utgangspunkt i kommunal verksemd og tenestetilbod. Skjematisk vil val av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko ved verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "trakterer" ut prosjekt i 4 overordna steg. Dette kan illustrerast slik:




Vurderingar, prioritering og val skjer i høve til ulike kriteria:

[1] The Commitee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission. ERM – Enterprise Risk Managment




Eit grovkorna døme på denne tilnærminga kan knytast til skulesektoren. Kommunen har ansvaret for grunnskulen. Opplæringslova inneheld både føremål og krav; krav til kva kommunen pliktar, elevane sine rettar og kva som er føremålet med skuleopplæringa. Dette gjev føringar som den einskilde kommune må ta inn over seg.

For å etterleve desse føringane, må kommunen setje inn fleire former for input; t.d. ressursar, planlegging, organisering og eigne målsetnader. Dette for å kunne ta elevane gjennom skulegangen og utruste den einskilde slik mål og formål for "sluttproduktet" tilseier.

I heile denne prosessen vil det vere risiko for at mål og føremål ikkje kan overhaldast. Risiko handlar her om å identifisere sannsynlegheita for at skuleaktivitet ikkje vert utøvd i samsvar med mellom anna lovverk, planar, strategiar og budsjett. Med andre ord risiko for avvik frå regelverk mv., og mangelfull verksemd og tenestetilbod.

Den skisserte tilnærminga er knytt til å finne dei vesentlege områda innanfor kommunen der risikoen for mangelfull verksemd og tenestetilbod i størst grad er til stades. Dette kan illustrerast slik:




Forvaltningsrevisjon

Endeleg prioritering av områda for revisjon skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynlegheit for at manglar/ avvik skal inntreffe og konsekvens av manglar/avvik (vesentlegheit):




For kontrollutvalet har det vore vektlagt at modellen tar høgde for område og revisjonsprosjekt som har ein førebyggjande karakter. Det vil seie at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på område der det potensielt ligg fare for at verksemda og tenestetilbodet ikkje er tilfredsstillande, og slik sett bidra til forbetring av kommunen si verksemd og tenestetilbod.

## 4. IDENTIFISERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Nedanfor er dei områda kontrollutvalet gjennom prosessen har identifisert som aktuelle for forvaltningsrevisjon lista opp. Rekkefølga inneber ikkje noko form for rangering eller prioritering av områda.

### TEKNISKE TENESTER/ TEKNISK ETAT

Teknisk etat er ei av dei større tenesteeiningane i kommunen. Eininga er involvert i dei fleste av kommunen sine investeringar, og forvaltar årleg store midlar på vegne av kommunen og etter vedtak i kommunestyret. Etaten treff også vedtak av stor tyding for mange innbyggarar. Ansvarsområdet til teknisk sektor er underlagt ei rekkje krav, både formelle lovar og reglar og kommunale reglement osv. Generelt er ansvarsområdet til etaten av ein slik art at det føreligg risiko for avvik og manglar, som igjen kan få vesentlege konsekvensar.

Gjennom prosessen har ein definert ei rekkje problemstillingar som kan vere aktuelle å sjå nærare på i ein forvaltningsrevisjon:

- Korleis etterlev teknisk etat kommunen sitt investeringsreglement?
- Har etaten tilstrekkelege rutinar og praksis for informasjonsflyt og rapportering til politisk nivå, både undervegs i prosjekt og ved avslutting av prosjekt?
- Blir regelverket om offentlege anskaffingar etterlevd, især når det gjeld mindre prosjekt som utvidast?
- Har etaten gode nok rutinar og reglement for kvalitetssikring?
- Gjennomførast prosjekt på ein tids- og kostnadseffektiv måte, til det beste for innbyggarane og kommunen?
- Korleis er arbeidsmiljøet i teknisk etat, især i periodar med høgt arbeidspress?
- Har etaten klare reglar for habilitet, og blir desse følgd?

### ORGANISASJON OG STRUKTUR

Aurland kommune har vore gjennom fase 1 av ein organisasjonsutviklingsprosess, og står ovanfor fase 2.

Korleis kommunen er organisert og strukturert kan ha stor tyding for både kvalitet og effektivitet i tenestene som leverast til innbyggarane, og til kva kostnad. Dersom organisering og struktur ikkje er hensiktsmessig, kan dette medføre risiko for avvik og manglar, med vesentlege faktiske og økonomiske konsekvensar som resultat. Sett i forhold til andre samanliknbare kommunar har Aurland på fleire område eit høgt kostnadsnivå. Dette gjeld mellom anna kostnader til sentraladministrasjon, grunnskule og kommunehelsetenesta.

Når fase 2 av organisasjonsutviklingsprosessen er implementert kan det vere grunnlag for å sjå på korleis den nye organiseringa og strukturen av kommunen fungerer, i sin heilskap eller på spesifikke område. Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Har organisasjonsendringa innfridd dei måla ein sette seg?
- Kor effektiv er den nye organiseringa - sett i lys av den kompleksiteten som gjer seg gjeldande i kommunen?
- Har ein eit hensiktsmessig tal tilsette på ulike nivå, og naudsynt kompetansesamansetnad?
- Er Aurland hensiktsmessig organisert for å møte framtida?

99

## KOMMUNIKASJON, INFORMASJON OG OPENHEIT

For at kommunen skal kunne utføre sine oppgåver og yte sine tenester på ein hensiktsmessig og effektiv måte er ein avhengig av god kommunikasjon- og informasjonsflyt internt. Dette gjeld både internt i den enkelte eining i kommunen, men også tvers av einingar, og mellom administrativt og politisk nivå. Manglande kommunikasjon og informasjon kan føre til at avgjerder vert fatta på svakt fundert eller feilaktig grunnlag, og til unødig tids- og ressursbruk.

Under dette temaet vil ein for det første setje fokus på kommunikasjon, informasjon og openheit internt i kommunen, herunder til dømes:

- Korleis fungerer samspelet og informasjonsflyten mellom administrasjon og politisk nivå, og mellom ulike tenesteeiningar og administrativ leiing?
- Får politikarane tilstrekkeleg informasjon før vedtak fattast?
- Er rapporteringa tilfredsstillande?
- Kan ein gjere tiltak for å sikre at tenesteeiningsleiarar blir meir involvert, og dermed forbetre effektivitet og kvalitet i ulike prosessar?

Det kan også vere aktuelt å sjå på om kommunen har forbetringspotensiale når det gjeld ekstern kommunikasjon ovanfor innbyggarane:

- Kan kommunen til dømes bli betre på å involvere innbyggarar som kan bli påverka av ulike prosjekt i tidleg fase, og dermed legge til rette for god og tillitsbasert dialog?
- Bør kommunen i større grad gjennomføre brukarundersøkingar?

## INTERNKONTROLL OG KVALITETSSIKRING

Kommunen har ei lovpålagt plikt til å drive internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og reglar etterlevast. God internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering er avgjerande for å sikre at kommunen si drift skjer i tråd med gjeldande regelverk på ulike område. Det er rådmannen som har det øvste ansvaret for internkontrollen.

Aurland kommune har tidlegare ikkje hatt eit heilskapleg internkontrollsystem som har gitt tilfredsstillande koordinert informasjon om internkontroll og kvalitetssikring. Kommunen har no gått til innkjøp av eit nytt system som skal ivareta dette behovet.

Når dette nye systemet er implementert kan det vere aktuelt å sjå på korleis det nye internkontrollsystemet fungerer, og om kommunen i tilstrekkeleg grad ivaretek sine plikter når det gjeld internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering - herunder om ein har tilfredsstillande rutinar for desse, og om rutinane vert etterlevd.

## INNKJØP OG ANBOD

Aurland kommune har årleg eit relativt stort omfang av innkjøp og anskaffingar innanfor fleire sektorar. I ein del tilfelle leiger kommunen inn ekstern bistand i samband med anskaffingar, men mange innkjøpsprosessar handterast av kommunen sjølv.

Offentlege innkjøp er underlagt eit strengt regelverk (lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrift), og det krevst god kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og tilfredsstillande rutinar for å sikre at regelverket vert etterlevd gjennom heile innkjøpsprosessen. Gjennom innkjøpsprosessar forvaltast offentlege middel i stort omfang, og gode innkjøpsprosessar i tråd med regelverket er avgjerande for å sikre at kommunen får leveransar av god kvalitet, til rett

100

tid og til god pris. Eventuelle avvik frå regelverket om offentlege anskaffingar kan få store konsekvensar, t.d. i form av at kommunen betaler for mykje for tenestene, ikkje får tenester av tilfredsstillande kvalitet, eller i form av risiko for rettslege tvistar som følgje av påstandar frå leverandørar om at regelverket ikkje er etterlevd.

Gitt dette kan det vere verdifullt å sjå nærare på offentlege innkjøp og anbod i Aurland kommune. Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Etterlev kommunen regelverket om offentlege anskaffingar?
- Har kommunen tilfredsstillande retningslinjer for anskaffingsprosessar, og korleis vert desse praktisert?
- Har kommunen tilfredsstillande kompetanse knytt til regelverket om offentlege anskaffingar?
- Korleis vert anbod og endeleg kontrakt utarbeidd og forhandla?

## KLIMA, BEREKRAFT OG MILJØ

Klima, berekraft og miljø er tema som blir stadig meir aktuelle, både globalt, nasjonalt og lokalt. "Det grøne skiftet" og omstillinga til å bli klimanøytral er i gang, og Noreg er forplikta av fleire avtaler på desse områda, mellom anna Parisavtalen. Det må ventast at det i åra framover stillast strengare krav til innsats på dette området, også i Kommune-Noreg. Som turist-destinasjon med særs stor trafikk sommarhalvåret kan dette vere særleg aktuelt for Aurland.

Kommunedelplanen for klima og energi har ikkje vore revidert eller rullert på ei årrekkje. Er Aurland kommune rusta for "det grøne skiftet"? Har ein kompetansen, ressursane og systema som krevst?

## KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Som arbeidsgjevar har Aurland ei rekkje plikter ovanfor sine tilsette, som utgjer ein relativt sett stor del av innbyggarane i kommunen. Mellom anna har kommunen lovpålagt plikt til å sørgje for eit forsvarleg arbeidsmiljø, og til å legge til rette for tilsette som av ulike årsaker har behov for dette. Manglar eller avvik knytt til kommunen sine plikter som arbeidsgjevar kan ha store konsekvensar, ikkje berre for den det gjeld men også for kvalitet og effektivitet i kommunen sitt tenestetilbod.

I 2015 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking i kommunen, med varierande resultat. Det er ikkje gjennomført medarbeidarundersøking sidan.

I lys av dette kan det vere aktuelt å sjå nærare på Aurland kommune som arbeidsgjevar, herunder t.d.:

- Innfrir kommunen sine lovpålagte plikter som arbeidsgjevar?
- Korleis er arbeidsmiljøet i kommunen, generelt og i spesifikke einingar?
- Kva er gjort for å følgje opp og ta tak i resultata frå medarbeidarundersøkinga frå 2015?

## SOGN LOKALMEDISINSKE SENTER

Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) er eit samarbeidsprosjekt innan helse- og omsorgstenester i indre Sogn, og Aurland har sine legevaktstenester via Sogn LMS.

I ein forvaltningsrevisjon kan det mellom anna vere aktuelt å sjå på korleis samarbeidet fungerer, om ei slik samarbeidsform og organisering av tenestene er hensiktsmessig med tanke på tenestetilbodet til innbyggarane i kommunen, økonomien i samarbeidet, herunder den økonomiske fordelingsmodellen mellom kommunane sett i eit kost-nytte perspektiv, samarbeidsrutinar mv.

AVSLUTTANDE MERKNADER TIL IDENTIFISERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Slik det går fram over har kontrollutvalet gjennom risiko- og vesentlegheitsvurderingane ikkje identifisert område innan sentrale tenesteområde som skule og pleie- og omsorg. Det er fleire årsaker til dette. For det første kjem Aurland kommune generelt sett relativt godt ut på desse områda både i Kommunebarometeret og KOSTRA-statistikk. Vidare er resultata på fleire område betra sett i høve til tidlegare år. Tenesteområdet skule er også underlagt relativt hyppige tilsyn frå Fylkesmannen, og når det gjeld pleie- og omsorg vart det på dette området gjennomført ein forvaltningsrevisjon i 2017 (spesialomsorg).

Samla sett, og i lys av dei tema som vart belyst og stod i fokus under arbeidsmøtedagen kontrollutvalet har gjennomført som ledd i arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderingar, har kontrollutvalet difor ikkje funne grunnlag for å inkludere område innan skule eller pleie- og omsorg i risiko- og vesentlegheitsvurderinga i denne valperioden. Det blir likevel understreka at det på generelt grunnlag alltid vil eksistere forbetringspotensiale innan alle tenesteområde, og at kontrollutvalet i sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon må gjere ei prioritering ut frå dei opplysningar ein har tilgjengeleg.

## 5. OPPSUMMERANDE RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING FORVALTNINGSREVISJON

Nedanfor vert dei identifiserte områda ytterlegare vurdert opp mot 1) risiko for avvik/ manglar på området og 2) kor vesentlege konsekvensar manglar og avvik kan få. Både risiko og vesentlegheit er gjeve ein score H, M og L (høg, middels og låg).

| Område | Risiko | Vesentlegheit | SUM |
|---|---|---|---|
| **Tekniske tenester/ Teknisk etat** | **H** | **H** | **HH** |
| Organisasjon og struktur | M | M | MM |
| Kommunikasjon, informasjon og openheit | M | M | MM |
| Internkontroll/ kvalitetssikring | M | M | M |
| **Innkjøp og anbod** | **M** | **H** | **MH** |
| **Klima, bærekraft og miljø** | **M** | **H** | **MH** |
| Kommunen som arbeidsgjevar | M | M | MM |
| Sogn lokalmediniske senter | M | M | MM |

Vektinga av risiko og vesentlegheit er ei relativ vurdering mellom dei einskilde områda for å få fram dei områda som kontrollutvalet meiner bør prioriterast for forvaltningsrevisjon. Områda som er utheva er vekta høgast i denne samanhengen.

# 6. EIGARSKAPSKONTROLL

## OM EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med mellom anna lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak, og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen er altså ein kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap mv., mellom anna å kontrollere at kommunen sine eigarinteresser vert følgde opp i samsvar med kommunen sin føresetnad og strategi for eigarskapen.

Eigarskapskontrollen vil kunne bestå av ulike kontrollelement, t.d.:

- kontroll av om verksemda drivast innan råmene av kommunen sine vedtak og føresetnader og i tråd med lover og reglar,
- vurdering av den einskilde verksemd sett frå eit eigarperspektiv, herunder eventuelle krav til eigenkapital og avkasting, overordna rekneskapsanalyse og gjennomgang av budsjett
- andre forhold som omhandlar eigar, som t.d. rapportering, opplæring, administrativ oppfølging mv.

## EIGARSKAPSMELDING/ OVERSIKT OVER EIGARSKAP

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne skal innehalde

a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring

b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i

c) kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i dei aktuelle verksemdene

Kontrollutvalet har som ledd i risiko- og vesentlegheitsvurderinga gjennomgått Aurland kommune si gjeldande eigarskapsmelding. Denne vart vedteken av kommunestyret 6. april 2017, og er følgjeleg ikkje fullstendig oppdatert i skrivande stund.

I følgje skatteetaten sine register over hadde Aurland kommune følgjande eigarskap i aksjeselskap ved utgangen av 2019:

| Direkte eigarskap aksjeselskap | Eigarandel (prosent) |
|---|---|
| Aurland Eige AS | 100 |
| Luna Mineral AS | 71,429 |
| Visit Sognefjord AS | 8,368 |
| SognLab AS (a-aksjer) | 6,5 |
| SognLab AS (b-aksjer) | 4,25 |

| | |
|---|---|
| Sogneprodukt AS | 3,329 |
| Sogn og Fjordane Holding AS | 1,964 |
| Kommunekraft AS | 0,312 |

Aurland Eige AS vart stifta i september 2019 med det føremål å eige, forvalte og utvikle fleire av Aurland kommune sine heileigde og deleigde verksemder. Aurland kommune eig 100 % av aksjane i Aurland Eige AS, og selskapet vart etablert ved at kommunen sine aksjar i Aurland Energiverk AS og Aurland Ressursutvikling AS vart overdratt til Aurland Eige AS.

Aurland Eige eig 100 % av Aurland Energiverk AS, og 40 % av Aurland Ressursutvikling AS. Aurland kommune har følgjeleg beheldt sine eigarskap i desse selskapa ved at kommunen eig alle aksjane i Aurland Eige AS.

Vidare har kommunen eigarinteresser i / er deltakar i følgjande kommunale føretak, interkommunale selskap og samarbeid:

- Aurland Hamnevesen KF
- SIMAS IKS
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
- Sogn regionråd
- Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS)

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll/ selskapskontroll i førre planperiode, men det blir p.t. gjennomført eigarskapskontroll av Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS og forvaltningsrevisjon i SIMAS IKS.

## RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING: AKTUELLE EIGARSKAPSKONTROLLAR 2019-2023

Val av selskap for eigarskapskontroll må gjerast ut frå kommunen sine eigarinteresser til ei kvar tid (og i tråd med ny eigarskapsmelding når denne blir utarbeidd og vedteken).

Når det gjeld risikovurderinga kan det for så vidt gjeld val av selskap for eigarskapskontroll vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- Tidlegare og pågåande eigarskaps/selskapskontrollar og resultat av desse
- Kor vidt det tidlegare er avdekka risikoforhold i selskapet
- Generell omtale av selskapet / aktuelle saker knytt til selskapet
- Eigarskapen si økonomiske tyding for kommunen, herunder eventuelt tapspotensiale

I vesentlegheitsvurderinga kan det vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- selskap som er heileigde av kommunen
- selskap der kommunen har ein stor eigardel
- kommunale selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- kommunale selskap som yt direkte tenester til innbyggarane i kommunen
- kommunale selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen

Når det gjeld Aurland kommune sine eigarskap er det særleg Aurland Eige AS og Luna Mineral AS som skil seg ut kva gjeld storleiken på eigarskapen. I og med at det p.t. pågår eigarskapskontroll av Aurland Eige AS (og Aurland Ressursutvikling AS), vurderast det å være lite behov for ny eigarskapskontroll i desse selskapa inneverande valperiode.

Tilsvarande gjeld for SIMAS IKS, der det p.t. pågår ein forvaltningsrevisjon som blir gjennomført av samtlege eigarkommunar i SIMAS i fellesskap.

Når det gjeld Luna Mineral AS har verksemda p.t. ingen omsetnad, og vurderast difor som lite aktuell for eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet er også kjend med at det i Årdal kommune er sett i gang ein prosess knytt til eit revisjonsprosjekt av Sogn lokalmedisinske senter. Sjølv om Aurland kommune ikkje deltek i dette prosjektet kan det vere grunnlag for å legge vekt på at Sogn LMS etter det ein kjenner til vil bli underlagt revisjonsprosjekt i næraste framtid. Gitt dette tilseier ikkje risiko- og vesentlegheitsvurderingar at Sogn LMS bør prioriterast høgt kva gjeld eigarskapskontrollar i Aurland kommune inneverande periode.

Gitt ovannemnde peikar særleg følgjande selskap seg ut som aktuelle for eigarskapskontrollar i planperioden 2019-2023 (i uprioritert rekkjefølgje):

- Aurland Energiverk AS, gitt at selskapet er 100 % eigd av kommunen via Aurland Eige AS
- Aurland Hamnevesen KF, herunder kva for oppgåver selskapet kan utføre innanfor havnelova

Aktuelle problemstillingar i eventuelle eigarskapskontrollar av desse føretaka kan mellom anna vere:

- Kor vidt kommunen /det kommunalt eigde eigarselskapet har tydelege føringar for sitt eigarskap
- Om eigarinteressene til kommunen blir utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring, eventuelle føringar i vedtekter mv., og i tråd med kommunen sine interesser
- Om roller og ansvar mellom selskapet og kommunen er tilstrekkeleg avklart

# Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

AURLAND KOMMUNE 2019-2023

DATO 2020

## FØREORD

Kontrollutvalet har i fellesskap med sekretariatet for kontrollutvalet utarbeidd utkast til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i Aurland kommune.

Ein har i denne valperioden valt å utarbeide eitt felles plandokument som omhandlar både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Planen er basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, og av kommunen sin eigarskap, i tråd med kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planen er resultat av ein prosess der kontrollutvalet og sekretariatet mellom anna har gjennomgått relevant informasjon og gjennomført arbeidsmøtedag med intervju med politikarar, administrasjon og einingsleiarar i kommunen. Kontrollutvalet har deretter analysert informasjonen som er kome fram i prosessen, gjennomført risiko- og vesentlegheitsvurdering og utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2019-2023. Risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) er utarbeidd i eit separat dokument. Planen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret.

Føremålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Aurland kommune og kommunen sine eigarskap som skal prioriterast med tanke på forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i inneverande valperiode.

Det vert føreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).

Aurland, DATO 2020

Frode Bekkestad

Kontrollutvalsleiar

## 1. BAKGRUNN OG FØREMÅL FOR PLANEN

Etter kommunelova § 22-3 bokstav c) skal kontrollutvalet sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i, og etter bokstav d) skal kontrollutvalet sjå til at det førast kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 23-3 (1) definert som:

> *"å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak".*

I kommunelova § 23-3 (2) og (3) er det vidare slått fast at:

> *"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*
>
> *Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen."*

Etter kommunelova § 23-4 (1) inneber eigarskapskontroll:

> *"å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring."*

I likskap med det som gjeld for forvaltningsrevisjon, er kontrollutvalet i kommunelova § 23-4 (2) pålagt å utarbeide ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sitt eigarskap, i den hensikt å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Også planen for eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen, jf. § 23-4 (3).

Kontrollutvalet er også pålagt plikter når det gjeld rapportering og oppfølging av forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5 skal kontrollutvalet:

> *"[...] rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner eller eierskapskontroller og resultatet av dem."*

og

> *"[...] påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp."*

Kontrollutvalet legg fram for kommunestyret plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter kommunelova §§ 23-3 og 23-4 med utgangspunkt i ei overordna risiko- og vesentlegheitsvurdering. Overordna risiko- og vesentlegheitsvurdering og utkast til plan er utarbeidd av sekretariatet og kontrollutvalet i fellesskap,

og handsama i kontrollutvalet. Det overordna føremålet med planen er å identifisere område innanfor kommunen si verksemd som skal prioriterast for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planen vil gjelde ut inneverande valperiode og til ny plan vert vedteken.

## OMGREPA VESENTLEGHEIT OG RISIKO

Slik det går fram av kommunelova §§ 23-3 og 23-4 skal plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vere basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, og kommunen sin eigarskap. Føremålet med ei slik risiko- og vesentlegheitsvurdering er å få fram relevant informasjon om verksemdsområda og eigarinteressene til kommunen, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Endeleg prioritering av områda for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynleigheit for at manglar/avvik skal inntreffe, og konsekvens av manglar/avvik (vesentlegheit). Det er områda med høg risiko og høg vesentlegheit, som til slutt reknast som prioriterte område for revisjon og kontroll:

**Risiko** – handlar om faren for avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som gjeld for den kommunale verksemda mv. Føremålet med risikovurdering er å identifisere område der det er fare for at den kommunale verksemda, verksemda i kommunale selskap eller kommunen sine eigarinteresser ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utført. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- lover og forskrifter
- føremål og målsetnader
- organisering
- reglement
- planverk og strategiar
- budsjett

**Vesentlegheit** – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og der avvik eller manglar kan få store konsekvenser, slik at ein dermed kan prioritere område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll). Identifiseringa har skjedd gjennom filtrering ved hjelp av ulike kriteria, mellom anna:

- KOSTRA
- benchmarking (samanliknande evaluering)
- brukarperspektivet
- økonomi
- aktualitet

I punkt 2 nedanfor er det gjort greie for dei prioriterte områda for forvaltningsrevisjon. Den separate risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse) gir ei nærare skildring både av prosessen for gjennomføring av risiko- og vesentlegheitsvurderingane, herunder teoretisk fundament, prioriterte omsyn, framgangsmåte og involvering av deltakarar, samt nærare omtale av dei identifiserte områda.

Aktuelle eigarskapskontrollar går fram av punkt 3 nedanfor. Her gjevast også ei oversikt over rammene for eigarskapskontrollen, status kva gjeld Aurland kommune sine eigarskap, samt ei vurdering av aktuelle eigarskapskontrollar. Det er ikkje gjort ei konkret prioritering av aktuelle eigarskapskontrollar, og kontrollutvalet ber om fullmakt til å fastsetje kva for selskap det skal gjennomførast eigarskapskontroll i, og kva for problemstillingar eigarskapskontrollen skal omhandle. Det visast til den separate risiko- og vesentlegheitsvurderinga for nærare omtale av dei vurderingar som er gjort i samband med aktuelle eigarskapskontrollar i perioden 2019-2023.

Avslutningsvis er det i punkt 4 gitt ei skildring av rutinar for gjennomføring, oppfølging og rapportering av det enkelte forvaltningsrevisjons- og eigarskapsprosjekt.

## 2. PRIORITERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet har prioritert dei identifiserte områda for forvaltningsrevisjon som ligg i den overordna analysen. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå desse overordna omsyna:

- liv og helse
- sikring av verdiar
- brukarrettar - oppfylling og kvalitet
- prioritert risiko frå gjennomgangen i kommunen

I tillegg har kontrollutvalet vektlagt følgjande kriterium/omsyn:

- forbetringspotensiale
- føremålseffektivitet
- kostnadseffektivitet
- produktivitet
- aktualitet
- tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet tilrår prioritet for følgjande område for forvaltningsrevisjon i inneverande planperiode:

1. Tekniske tenester/ teknisk etat
2. Innkjøp og anbod
3. Klima, berekraft og miljø
4. Kommunen som arbeidsgjevar
5. Kommunikasjon, informasjon og openheit

For nærare skildring og vurdering av områda vert det synt til risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse).

Det vert tilrådd at kontrollutvalet og forvaltningsrevisor samarbeider om design, spissing og avgrensing av det enkelte prosjekt for forvaltningsrevisjon.

110

## 3. EIGARSKAPSKONTROLL

### OM EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber som nemnd å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med mellom anna lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak, og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen er altså ein kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap mv., mellom anna å kontrollere at kommunen sine eigarinteresser vert følgde opp i samsvar med kommunen sin føresetnad og strategi for eigarskapen.

Eigarskapskontrollen vil kunne bestå av ulike kontrollelement, t.d.:

- kontroll av om verksemda drivast innan råmene av kommunen sine vedtak og føresetnader og i tråd med lover og reglar,
- vurdering av den einskilde verksemd sett frå eit eigarperspektiv, herunder eventuelle krav til eigenkapital og avkasting, overordna rekneskapsanalyse og gjennomgang av budsjett
- andre forhold som omhandlar eigar, som t.d. rapportering, opplæring, administrativ oppfølging mv.

### KONTROLLUTVALET SIN RETT TIL INNSYN OG UNDERSØKINGAR I SELSKAP

Kommunelova § 23-6 inneheld reglar om kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap. Lova slår her fast at kontrollutvalet:

*"[...] kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra*

a) *interkommunale selskaper etter IKS-loven*

b) *interkommunale politiske råd*

c) *kommunale oppgavefellesskap*

d) *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjene.*

*Opplysninger etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.*

*Kommunen og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.*

*Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende og har rett til å være til stede i disse møtene.*

*Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt."*

## EIGARSKAPSMELDING/ OVERSIKT OVER AURLAND KOMMUNE SINE EIGARSKAP

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne skal innehalde

a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring

b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i

c) kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i dei aktuelle verksemdene

Kontrollutvalet har som ledd i risiko- og vesentlegheitsvurderinga gjennomgått Aurland kommune si gjeldande eigarskapsmelding. Denne vart vedteken av kommunestyret 6. april 2017, og er følgjeleg ikkje fullstendig oppdatert i skrivande stund.

I følgje skatteetaten sine register over hadde Aurland kommune følgjande eigarskap i aksjeselskap ved utgangen av 2019:

| Direkte eigarskap aksjeselskap | Eigarandel (prosent) |
|---|---|
| Aurland Eige AS | 100 |
| Luna Mineral AS | 71,429 |
| Visit Sognefjord AS | 8,368 |
| SognLab AS (a-aksjer) | 6,5 |
| SognLab AS (b-aksjer) | 4,25 |
| Sogneprodukt AS | 3,329 |
| Sogn og Fjordane Holding AS | 1,964 |
| Kommunekraft AS | 0,312 |

Aurland Eige AS vart stifta i september 2019 med det føremål å eige, forvalte og utvikle fleire av Aurland kommune sine heileigde og deleigde verksemder. Aurland kommune eig 100 % av aksjane i Aurland Eige AS, og selskapet vart etablert ved at kommunen sine aksjar i Aurland Energiverk AS og Aurland Ressursutvikling AS vart overdratt til Aurland Eige AS.

Aurland Eige eig 100 % av Aurland Energiverk AS, og 40 % av Aurland Ressursutvikling AS. Aurland kommune har følgjeleg halde på sine eigarskap i desse selskapa ved at kommunen eig alle aksjane i Aurland Eige AS.

Vidare har kommunen eigarinteresser i / er deltakar i følgjande kommunale føretak, interkommunale selskap og samarbeid:

- Aurland Hamnevesen KF
- SIMAS IKS
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
- Sogn regionråd
- Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS)

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll/ selskapskontroll i førre planperiode, men det blir p.t. gjennomført eigarskapskontroll av Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS og forvaltningsrevisjon i SIMAS IKS.

### AKTUELLE EIGARSKAPSKONTROLLAR 2019-2023

Val av selskap for eigarskapskontroll må gjerast ut frå kommunen sine eigarinteresser til ei kvar tid (og i tråd med ny eigarskapsmelding når denne blir utarbeidd og vedteken).

Når det gjeld risikovurderinga kan det for så vidt gjeld val av selskap for eigarskapskontroll vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- Tidlegare og pågåande eigarskaps/selskapskontrollar og resultat av desse
- Kor vidt det tidlegare er avdekka risikoforhold i selskapet
- Generell omtale av selskapet / aktuelle saker knytt til selskapet
- Eigarskapen si økonomiske tyding for kommunen, herunder eventuelt tapspotensiale

I vesentlegheitsvurderinga kan det vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- selskap som er heileigde av kommunen
- selskap der kommunen har ein stor eigardel
- kommunale selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- kommunale selskap som yt direkte tenester til innbyggarane i kommunen
- kommunale selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen

Per tidspunkt for utarbeiding av denne planen trer særleg følgjande selskap fram som aktuelle for eigarskapskontrollar i inneverande planperiode (i uprioritert rekkjefølgje):

- Aurland Energiverk AS, gitt at selskapet er 100 % eigd av kommunen via Aurland Eige AS
- Aurland Hamnevesen KF, herunder kva for oppgåver selskapet kan utføre innanfor havnelova

Kontrollutvalet syner til risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse), der vurderingane knytt til aktuelle eigarskapskontrollar er nærare skildra.

Aktuelle problemstillingar i eventuelle eigarskapskontrollar av desse føretaka kan mellom anna vere:

- Kor vidt kommunen /det kommunalt eigde eigarselskapet har tydelege føringar for sitt eigarskap
- Om eigarinteressene til kommunen blir utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring, eventuelle føringar i vedtekter mv., og i tråd med kommunen sine interesser
- Om roller og ansvar mellom selskapet og kommunen er tilstrekkeleg avklart

*Kontrollutvalet ber om å få fullmakt til å fastsetje kva for selskap det skal gjennomførast eigarskapskontroll i, og dei nærare problemstillingane i eigarskapskontrollen.*

## 4. GJENNOMFØRING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING

Kontrollutvalet sitt ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, samt plikter knytt til oppfølging og rapportering, er nærare omtalt i punkt 1 over.

113

Kontrollutvalet vil, med utgangspunkt i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vedteken av kommunestyret, tinge forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

Eventuelle endringar og omprioriteringar i planen ligg til kommunestyret, men myndet kan bli delegert til kontrollutvalet etter kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3). Slik delegering vert foreslått, slik at kontrollutvalet undervegs i planperioden kan gjere endringar og omprioriteringar dersom ein skulle finne grunnlag for det.